

Men Gud gjorde ingen feil

Det frie kristenliv i Volda og Ørsta frå 1893 til 1993

*Hans Rusten og
Ole Hovdhaugen*

Men Gud gjorde ingen feil -

Det frie kristenliv i Volda og Ørsta frå 1893 til 1993

Hans Rusten og Ole Hovdhaugen:

Men Gud gjorde ingen feil...

Det frie kristenliv i Volda og Ørsta frå 1893 til 1993

Men Gud gjorde ingen feil - Det frie kristenliv i Volda og Ørsta frå 1893 til 1993.

Copyright 2016 © Ole Hovdhaugen

Alle rettar reservert. Materialet er verna etter åndsverklova. Kopiering på trykk, elektronisk eller på anna måte, må berre skje etter uttrykkeleg samtykke frå forfattaren.

INNHALD

INNLEIING TIL DEL I	10
DET SOM HADDE HENDT I NOREG FØR 1893.....	10
UTVIKLINGA I VOLDA FØR 1893	11
LITT OM LOVVERKET DEI LEVDE UNDER.....	12
YTREMISJONEN I VOLDA	13
INDREMISJONEN	13
BEDEHUSET.....	14
INDREMISJONENS GRUNNLEGGJAR I NOREG OG EIN «PRESTS BEKJENNELSE»	15
REFORMASJONEN STARTAR I VOLDA OG ØRSTA	16
STYRET FOR YTRE OG INDREMISJON.	17
FORNYELSES STORM, VED PAUL GERHARD SAND (1848-1911) SANDSTORMEN	18
EIT LANGT SKRITT VIDARE.....	18
FRAMGANGEN VERT SNUDD TIL TILBAKEGANG.....	20
LEKFOKET FÅR LEIINGA I INDREMISJONEN	21
UTVIKLINGA INNAN INDREMISJONEN I VOLDA, ØRSTA OG AUSTEFJORDEN	21
KRISTNE SAMFUNN UTANFOR KYRKJA (stiftingsår)	22
ÅNDELEGE SYNER OG OPENBERRINGAR.....	23
SYNDEFRIHEIT ELLER FRI FRÅ SYNDA	23
SEPARATISME	24
TRE NAMN KNYTT TIL NATTVERDEN	25
FRI NATTVERD OG «DEN VOLDENSKE NATTVERDFORENING»	25
HOVUDSKILJE OM NATTVERDEN	27
WEENAAS VISER MAKT MOT FOLKESKOLE LÆRARANE OG MOT LUTHER	27
INDREMISJONEN VED EIT VEGVAL	28
«NY» VEG FOR INDREMISJONEN I VOLDA, ØRSTA OG AUSTEFJORDEN	30

INNLEIING TIL DEL II.....	31
LIVET UTANFOR STATSKYRKJA. «DET FRIE LIVET?»	32
FEM FRIE BEDEHUS VERT BYGDE I VOLDA (1893).....	32
AUSTEFJORD BEDEHUS PÅ LEITE, 1893-1899	33
FOLKESTAD BEDEHUS, 1893-1905	34
SÆTRE BEDEHUS ELLER MISJONSHUS 1893, 100 ÅR I ÅR	35
BEDEHUS FOR KILE OG BJØRKEDALEN VED VASSENDEN PÅ KILE, 1893-1903(4).....	35
BEDEHUSET I HØYDALEN 1893-1962 - SJØLVE HUSET STÅR ENDA.....	36
LIVET I BEDEHUSA FRÅ 1893.....	37
ORD SOM VART BRUKT OM KYRKJA OG PRESTANE	38
STATSKYRKJEMEDLEMMERS ORD OM DEI FRIE KRISTNE	38
TRUSSAMFUNN I VOLDA OG ØRSTA FRÅ 1893	40
TREIDERVERNENE I KRISTIANIA.....	40
FRIMISJONEN	41
KRISTI MENIGHET	41
BAPTISTAR	42
METHODISTAR.....	42
PLYMOUTH BEVEGELSEN	43
«ØRSTEN FRIMENIGHET».....	43
FRIE OG FRI-FRIE, «BETLARAR» OG «JUBLARAR»	44
LÆRAR PEDER E. P. HJELLE OG PRIVATSKULEN FOR DEI FRIE.....	46
«JUBLARANE», DEI SOM DANSER OG JUBLER	47
«BETLERNE» ELLER DEI SOM BAD	49
EIT FRITT BEDEHUS MED NAMNET «BETEL» (1911-1973)	50
TOMTA OG HUSET	51
BRUKEN AV HUSET	52
«ÅNDSDÅPSVEKKINGA» OG «BIBELSKE MENIGHETER»	52
PINSEVENNENE KJEM TIL VOLDA	54

«SCHIBBOLETH» ELLER «MARAN ATA»	55
KORSETS SEIER, DET GODE BUDSKAP, ELLER MISSIONÆREN ?	56
«BETEL», FORSAMLINGSHUSET TIL PINSEVENENE ELLER EIT FRITT BEDEHUS?.....	56
BESTEMMER GUD ELLER MENNESKE KVEN SOM HØYRER MED I KYRKJELYDEN/ MENIGHEITA ?	57
PINSEVENENE SITT SYN PÅ KYRKJA/MENIGHEITA OG REGISTRERING AV MEDLEMMER (1925).....	58
«EBEN ESER» PINSEFORSAMLINGA SITT FORSAMLINGSHUS I VOLDA (1926- 1986)	61
«BETEL» ETTER BROTTET MED PINSEVENENE. FRAMLEIS EIT FRITT HUS?.....	61
FORKYNNARAR OG MISJONÆRER SOM BESØKTE VOLDA 1905-1930	62
MENIGHEITSLIVET I «BETEL» FRÅ 1926..... BETEL SØNDAGSSKULE 1925-1993....	63
LEIRARBEID (1954-1993) OG UNGDOMSARBEID (1948-1993).....	64
SONG OG MUSIKK.....	65
SØSTERRINGEN (1927-1993)	66
VEKKING.....	66
LÆKINGVEKKINGA I 1940 OG -50 ÅRA	67
LANDSMØTE I VOLDA: FOR DEI FRIE EVANGELISKE FORSAMLINGAR I NOREG.....	69
LEIINGA I FORSAMLINGA FRÅ 1925-1993.....	69
MISJONÆRAR FRÅ DEI FRIE KRISTNE I VOLDA.....	71
MARTHA OG MATHIAS STØVE I AFRIKA 1912-1918.....	71
LILLY MARIE ENGESET I SWAZILAND SØR AFRIKA 1958-1972	74
ELBJØRG OG PER HÅSKJOLD GRØNLAND 1965-1990	76
REIDUN OG ÅGE HÅSKJOLD ARGENTINA 1968-1978	77
EDITH OG HANS REITE JAPAN 1979-.....	77
ADA OG HARALD ELVEGÅRD JAPAN 1981-.....	78
BETTY OG GUNNAR ANDÅS HONG KONG 1983-1988	79
FORKYNNARAR FRÅ DEI FRIE KRISTNE I VOLDA	80
KNUT A. BIRKEDAL, SØR NOREG 1888-1918	80

NIKOLAI I. MOLVIK, VESTLANDET 1870-1894.....	81
PEDER E. P. HJELLE, SØR NOREG 1898-1921	81
TORE J. FREMMERLID, NOREG OG AMERIKA 1918-1990	82
GUSTAV STRØMME, SØR NOREG 1925-1966.	82
AGNES LØSET, FINNMARK 1946.....	83
SIMON ROALD NILSEN, NOREG 1948-1965	84
OLAV DAHL, NOREG 1970	84
RAGNVALD ANDÅS, SØR NOREG 1974-1978	85
BJØRN INGE JOHANSEN, NOREG 1977-1985	85
HELGE JONNY NUPEN NOREG 1988	85
KJELL OHLDIECK, NOREG 1978.....	86
KJELL ARVE TOLÅS, NOREG 1971	86
FRAMTIDA.....	87
RESPEKT OG TAKK	88
KJELDENE TIL SKRIVET	88
SKREVNE KILDER.....	89

INNLEIING TIL DEL I

I året 1893 kom det til eit ope brot innan kyrkja i Volda. Då vart håpet om ei fornying av det beståande oppgitt. Den som tok brotet var Indremisjonen. Oppgåvene vart å fornye kyrkja tilbake til det Luther eigentleg ville i 1530 åra. Dette vart umogleg i kyrkja på grunn av ein maktkamp mellom dei leke og dei lærde. Når ein i dag, 100 år etter les dei kristne dagsavisene, ser ein at kampen innan kyrkja vert halden ved like. Lekfolk blir på nokre stader framleis nekta å utøve fri nattverd etter bibelens klare ord sjølv om det er tillate etter norsk lov. Vi veit at ei sak har fleire sider. Slik skapte også dette brotet fleire løysingar som vi skal gi små glimt av i dette skrivet. Vi vil ikkje prøve å finne ut kven som hadde rett og kven som hadde feil. Vi vel å tru at Gud har rett. Vi andre har gjort våre feil, men har vi eit ope sinn, kan vi kanskje lære noko av historia. Prøv difor å sjå saka frå fleire sider. Alle kan vi lære noko av kvarandre.

DET SOM HADDE HENDT I NOREG FØR 1893

I Noreg har kyrkja og staten arbeidd saman i 1000 år. Vi trur at det fanst truande her også før den tid. Noreg og dei andre skandinaviske land var ingen utkant. Her har samkvem og samhandel virka lenger enn vi kan dokumentere med skrivne kjelder. Samarbeidet mellom kyrkja og staten gav presteskapet eit monopol. Før 1536-37 var paven øvste leiaren i kyrkja, medan kongen styrde det verdslege. Då den store fornyinga kom med Luther (1483-1546) i 1530 årene, samarbeidde han med kongen over Danmark og Noreg, Kristian 3. og fekk gjennomført reformasjonen. Ordet *reformasjon* kjem frå latinsk og tyder *fornyjing* eller *retting av misbruk*. *Forbetring* vert brukt mest i samband med kyrkjelege forhold. Luther som var landsforvist til Sachsen, bygde opp ei kyrkje under følgjande prinsipp: Kurfyrsten (kongen

eller landsherren) skulle vere øvste styrer over kyrkja og alt som høyrde henne til. Prestane skulle preike på morsmålet, og preika skulle vere viktigaste del i gudstenesta. Klostra skulle vekk. Heilage personar og ting vart forbode. Prestar hadde lov å gifte seg. Luther skreiv sine verk til bruk i kyrkja på grunn av den lave åndelege utviklinga mellom kristne. Slik han såg det, skulle prestane stå for dei kyrkjelege handlingane som utdeling av nattverd, dåp, osb. inntil dei allmenne kristne var åndeleg modne nok til sjølve å ta seg av desse oppgåvene. Vi kunne ta med mykje meir, men i 1893 var det her striden stod. I kyrkja stadfesta kongen sin plass som øvste styrar. Han skulle med makt verne kyrkja mot annleis tenkjande, og det vart strenge straffer for å stille spørsmål imot kyrkja. Prestane måtte underkaste seg kongen i alt og eitt. Elles ville dei miste levebrødet sitt. Det er gjennom år hundra fram mot 1893, mange modige kristne i Noreg som prøver få litt trusfridom, men dei blir forfølgde og fengsla. Den best kjende er Hans Nielsen Hauge (1771-1824). Prestar og statsmenn forfølgde han, og 11 gongar vart han kasta i fengsel p.g.a. trua si. Dei siste orda hans var: *«Jeg har svoret Guds ånd Lydighet, og Han har hjulpet mig til at blive mit Forsæt tro»*.

UTVIKLINGA I VOLDA FØR 1893

Hauge påverka fleire personar i Volda. Han var her to gongar og hadde husmøte på Bjørkedalen og Kile. Her som i landet elles, var den lærde del av folket som t.d. presteskapet og dei styrande imot. Dei var redde for den utviklinga som skjedde: Ei utrusting av vanlege, ulærde folk til personleg tru, og samlingar og oppbygging i heimane utan at presten var til stades. Det var for presten eit uttrykk for at det han gav dei i kyrkja ikkje var nok. Dette er viktig å forstå. Levande kristne fekk ikkje sine åndelege behov dekkja berre ved ei passiv deltaking i ei gudsteneste der presten var den einaste som kunne ta ordet. Huges vener begynte og med industri, kjøpe opp jord og stilte spørsmål om både

det eine og det andre. Lovene var enda kontrollerte av åndseliten og embetsmennene, og dei for stygt fram. Der Hauge hadde spreidd skriftene sine, kom lensmannen etter og granska husa for å beslagleggje dei same skriftene. Blant kyrkja sine vanlege folk var det 3 grupper: 1) Dei som ikkje hadde noko meining om det som skjedde, men var samde med presten og styresmaktene om at dette var vranglære. 2) Så var det dei som fekk oppleve det som Hauge talte om og syntest at det vart ei forbetring, eller om du vil ein reformasjon. 3) Den siste gruppa kom midt imellom. Dei såg at det som skjedde etter Hauge var til det gode, men ville ikkje ope gi det til kjenne imot presten og andre. I ettertid er nok alle einige om at fornyinga med Hauge var av det gode, men då det skjedde, var det ikkje slik.

LITT OM LOVERKET DEI LEVDE UNDER

Takka vere Hauge vart Konventikkelplakaten oppheva i 1842. Den forbaud lekfolk å tale Guds ord. Det var presten sitt eineansvar. Det er vel unødvendig å fortelje at mange leiarar i kyrkja protesterte kraftig. Vi kan forstå at dei følte seg trua, men lova gav dei framleis fortrinn: Presten var framleis den einaste som fekk tale i kyrkja. Det varte til 22.08.1888 då prestane kunne tillate lekfolk å tale frå kordøra. Frå 20.12.1897 kunne lekfolk også sleppe til frå preikestolen. No galdt dette berre for statskyrkja. I 1814 hadde krefter innan kyrkja sørgja for at forslaget av 16.04. 1814 vart forandra. Her heitte det m.a.: «*Alle Religions Secter tilstædes fri Religions Øvelse*». Dette fekk vi tilbake først i lov av 17.05.1964. Det skulle altså gå 150 år før grunnloven sikra lik rett for alle. I lov av 16.07.1845 kom Dissenterlov for fridom til godkjende kristne dissenter. Det gjorde at vi fekk same reglane av «*Statens Æmbetsmænd underkastede*» og Kongens forordningar utanfor som i kyrkja. Etter mykje kamp og forbetringar får vi lov av 13.06. 1969 om full religionsfridom i Noreg.

YTREMISJONEN I VOLDA

I 1842 vart Det Norske Misjonsselskap stifta, og i 1847 er arbeidet med å bringe Guds ord til andre land i gong i Volda. Det vart kalla for heidningmisjonen. Kyrkja lærde at dei som var udøypte var heidningar, og dei døypte var kristna. Dette var også den inngangen ein hadde til kyrkja i Noreg. Alle born måtte døypast så fort som råd, for elles kunne dei gå fortapt. Ytremisjonen hadde frå 1848 sommarstemne med misjonærbesøk og samtale om forskjellige emne. Første møtet var i Volda. Dette vart til fornying for mange, og desse fellesmøta eller «stormøta» vart noko alle såg fram til. Dei fekk samtale med andre kristne og høyre dei beste talarane som fanst. Det fann også stad meningsutveksling først og fremst mellom prestane, men også andre fekk sleppe til. Her fekk også mange naud for si eiga sjel og for at alle i vårt eige land skulle få del i det evige livet.

INDREMISJONEN

Tanken på at noko innan kyrkja trengde misjonering, var utenkjeleg for mange. Var dei ikkje døypt og konfirmert? Møtte dei ikkje opp til gudstenesta? Dei var kristna. Skulle ein leggje arbeid i noko, måtte det bli for dei stakkars heidningane. Var ikkje arbeidet her heime i trygge hender: Biskop, prest og deira medhjelparar som klokkar, kyrkjesongar og lærarar som alle i sin jobb måtte følgje dei lover som var gjeldande innan kyrkja og i samfunnet. Men dei som arbeidde for ei fornying innan kyrkja, gav ikkje opp. Frå 1875 hadde dei faste haustmøte med samtale om indremisjonssaka. Det er her at indremisjonen sitt heilage kall ligg: Ei oppbygging og istandsetjing av menigheita sitt indre liv, der alle får virke til det Gud hadde tenkt dei. Det heilage alminnelege prestskapet styrkja gjennom ei sterk og brei åndeleg samansett kjerne av gudgripne menn og kvinner. Her er det ikkje noko einmannsverk, men ei menigheit samansett av åndelege likeverdige levande steinar. Dersom ein ikkje hadde kome til tru, fann ein ikkje sin plass her. No var Ørsta først ute i

1875, Austefjorden i 1883 og Volda Indremisjon i 1887. Ein kan vel seie at det først i 1887 kom verkeleg fart i arbeidet. Det kom av to ting som heng saman. I 1880 åra kom svært mange i distriktet vårt til eit personleg trusliv med Gud. Sjølv om desse hadde fått med seg det som kyrkja hadde kunna tilby dei, fann fleire og fleire at det ikkje var nok. Deira innarste behov var umetta. Det gjekk ei stor vekking og fornying over heile området. Det var først og fremst mellom det vi kallar vanlege folk. Som vi skal sjå, spreidde dette personlege gudslivet seg også til prestane og lærarane. No var kyrkja stengd for bruk til vanlege møte og misjonsmøte. Når presten var ferdig i kyrkja, heldt forkynninga og samtalen fram mellom folket utanfor kyrkja og vidare i heimane, i kyrkjebåten og elles der folk møttest og treftest. I det heile var det mykje meir samtale og diskusjon mellom folk for hundre år sidan enn i dag. I 1993, tør nesten ingen referere frå ei vanleg samling, men då vart alt frå preike til påkleding kommentert. Dette at folket sakna ein samlingsstad som var stort nok, gav seg no utslag i at folket bygde seg eit eige hus til samlingane. Sjølv om dei eigde kyrkja, hadde dei ikkje råderett over eigedomen sin. Den til hørde presten og statskyrkja.

BEDEHUSET

Det første bedehuset vart bygt i Volda 1886. Det fekk namnet «ZION» og kom i bruk i 1887. Huset skulle vere sjølveigande og styrast av eit forstandarskap etter skrivne reglar. Desse var også kausjonistar for gjelda på huset. Vi tar med paragraf 2. Då det var den som sidan skulle skilje flokken:

Husets Bestemmelse er at vere Samlingsted for Møder i kristelig og Opbyggelig Øiemed efter Guds Ord og i Overenstemmelse med vor evangelisk lutherske Kirkes Bekjendelse og brukes i Henhold hertil hovedsagelig til Bibellæsninger,

Opbyggelser i Missionsmøder, Basarer, Kvindeforeninger i samme Øiemed, Søndagsskoler, kristelig Sang, Totalafholdsmøder og lignende.

Her finn vi eit ynskje om ei sjølvoppbygging utanfor kyrkja og med eigne krefter. Ingen av prestane var med i forstandarskapet frå starten. Det ligg ein mogleg kime til strid i følgjande bruk av huset: «..... efter Guds Ord og i Overenstemmelse med vor evangeliske lutherske Kirkes Bekjendelse.....»

Dersom kyrkjas liv og lære til kvar tid var den same som Gud hadde uttrykt gjennom bibelen, ville dette gå godt. Men var kyrkjas lære det? Dersom ikkje, var den villig til å forandre seg, ... bli reformert?

INDREMISJONENS GRUNNLEGGJAR I NOREG OG EIN «PRESTS BEKJENNELSE»

Innleiingsvis vil vi kaste lys over situasjonen ved å bruke ei hending frå tidlegare brytningar i kyrkja. Presten Gustav Adolf Lammers (1802-1878) braut med kyrkja. Han stifta «Den Frie Apostoliske Christelige Menighet» i 1856, oppbygd på bibelens ord, slik det kjem til uttrykk i Det Nye Testamentet. Før det hadde han bygt landets fyrste bedehus i 1850. Han møtte ein veldig motstand og kamp frå venene sine i kyrkja. Bakgrunnen for brotet var på mange måtar likt det som seinare hende i Volda. Det vart ein stor vekking i Skien då Lammers vart prest der frå 1849. Maken hadde ingen opplevd. Folk i hopetal kom til personleg liv i Gud og begynte å leve etter det som Bibelen sa. I 1855 fekk også presten problem med sin eigen nattverd. Også dei utan personleg tru og gudsliv deltok, og det var umogleg å drive kyrkjetukt. Han danna difor første Indremisjon i Skien i 1853. I tida etter 1856 vart det usemje i flokken om det skulle råde samvitsfridom i spørsmål om dåpen. I 1860 gjekk Lammers tilbake til kyrkja og erkjente at han hadde tatt feil. Han slo fast at han «bekjenner no seg helt til Augustana» (Luthersk bekjennelsesskrift frå 1530) og seier vidare:

«...nå tror jeg mer på bibelens ånd enn på dens bokstav, slik jeg hittil ha gjort....» Med andre ord, meir på Luthers tolking av bibelen enn på det bibelen kunne fortelje han sjølv. Her ligg kyrkjesamfunna si store snare. Motviljen til å la seg reformere. Når enkeltpersonar i eit samfunn lar seg reformere, blir ein utestengd frå samfunnet om ikkje heile samfunnet samtidig lar seg reformere frå toppen og ned. Det finst ingen kjende samfunn der leiinga til alle tider har levd i fornying eller reformasjon. Det ligg ei kjensle av å miste makt i det å leve i eit samfunn i stadig forandring. Dette møtte Meisteren sjølv, Jesus Kristus, i sitt møte med leiarane i si tid. Paulus, Luther, Hauge og Lammers møtte det same. Dette har også dei berande kreftene i Indremisjonen møtt.

REFORMASJONEN STARTAR I VOLDA OG ØRSTA

Indremisjonsbevegelsen vart ei fornyingsrørsle for det indre liv i kyrkja. Skulle den få gjennomslag i sitt egentlege mål, var den heilt avhengig av godt samarbeid med leiarane i kyrkja: Biskop, prost, sokneprest, kallskapellonar, klokkarar og lærarar. Om det hos desse fanst vilje til fornying, oppretting og forbetring, då låg vegen open for Guds ande til ei forandring av eit heilt samfunn. Om samfunnet hadde kome gale ut tidlegare, var det ikkje betre utover 1870-80 åra. Ting var i gjære og mange lengta etter ei forandring. Alt under bygginga av bedehuset, hadde mange tatt eit personleg standpunkt for Kristus. Då dei våren 1887 starta med samtalemøte i bedehuset, var første emnet: Tydinga og forvaltninga av nattverden med bakgrunn i den nye lova av 2-12-1886. Den gav ei opning for nattverd i kyrkja utan først å skrifte og få tilsagt forlating for syndene av presten. 11-06-1887 vart heidningemisjonens styre delt i indre- og ytremisjon. Vi kjem no til å nemne fleire namn på personar som alle stod sentralt i fornyinga innan kristen flokken.

STYRET FOR YTRE OG INDREMISJON.

Val av representantar til heidningmisjonen (ytre misjon)

Sokneprest Rasmus Elias Marius Lampe (1838-1888) 27 stemmer.

Kyrkjesongar Lars J. Langvand (1841-1909) 15 "

Gardeigar Nils L. Sætre (1848-1896) 14 "

Gardeigar Ola O. Reite (1847-1927) 12 "

Gardeigar Knut A. Birkedal (1847-1918) 11 "

Kallskapellan Johannes A. Barstad (1857-1931) 11 "

Val av representantar til indremisjonen:

Lærer Nikolai I. Molvik (1845-1894) 31 stemmer.

Kallskapellan Johannes A. Barstad 24 "

Kyrkjesongar Lars J. Langvand 17 "

Lærer Andreas M. Ervik (1846-1909) 14 "

Møller Nikolai R. Heltne (1835-1922) 13 "

Sokneprest Rasmus Lampe 12 "

Sjølv om Molvik hadde mest stemmer, blir Barstad formann og Lampe viseformann. Ved Lampes død i 1888, blir Molvik ny viseformann og Johannes R. Eikrem (1822-1895) er ny i styret. Langvand blir kasserar.

FORNYELSES STORM, VED PAUL GERHARD SAND (1848-1911) SANDSTORMEN

Paul Gerhard Sand var ein Guds mann som hadde nådegåve til å tale så enkelt at personar kom til liv og fred med Gud. Heile Sunnmøre vart prega av forkynninga hans. Hausten 1887 i Ålesund, Ørsta og Volda. Våren 1888 i Volda var ei tid då mange fekk oppleve det dei hadde streva imot: fred med Gud i eit godt samvit. Det vart liv i det som før berre var ein lærdom og tørre ord. Vi nemnde tidlegare at vekkinga ikkje berre nådde det breie lag av folket. Prestane Barstad og Halfdan Fredrik Sibbern Møller (1862-1925), den siste var personleg kapellan for Lampe som var sjuk, kom til eit gjennombrot i kristenlivet. Likeins lærar og skulestyrar ved «Volden høiere Almueskole» Henrik Kårstad (1865-1927). Desse tre fekk mykje å seie for forandringane som kom i tida som følgde. At dei var tre vener ilag, var ein styrke. Lampe døde 18-03-1888. Ein månad seinare, då Sand samla overfylt bedehus, bestemte Møller seg som fungerande sokneprest for å opne kyrkja for Sand. Dette var 4 månader før lova opna for lekfolk i kyrkja. Møller var villig til å gå ut om lova for å gjere kyrkja opa for Guds ords framgang. Det var få som mislikte dette. Dei fleste fann det rett og naturleg.

EIT LANGT SKRITT VIDARE.....

Med Barstad som formann og Molvik som viseformann, går Indremisjonen hausten 1888 eit langt skritt vidare ved å innsette diakonar i alle bygder. Det var menn som var komne lengst i si åndelege utvikling. Vi vil nemne at Knut A. Birkedal var etter ynskje frå medlemene med som rådgjevande medlem. Ørsta hadde gjort det same 2 månader tidlegare, og hadde ei like rik utvikling som i Volda. Dei låg elles i same sokn, og vart først delt i 1900. I Volda vart det valt 49 diakonar, 14 av dei gjekk seinare ut av kyrkja. Ein gjekk til frikyrkja. Alle folkeskulelærarane i Volda vart valde til diakonar. Dei var også før dette ansvarlege for opp draginga til Luthers tru og lære i skulen. Av dei gjekk striden særleg ut

over Molvik. Vi nemnde Ørsta. Der vart det valt minst 37 diakonar og minst 7 kom seinare over i Frikyrkja. Ole G. Clausen (1855-1923) var ein sentral forkynnar. Han opna heimen sin til den fyrste kjende frie nattverd her i vårt distrikt. Han var formann i indremisjonen 1891-1902 og aldri utmeld av statskyrkja. Lærar og diakon Wilhelm Grytten (1863-) mista jobben. I Austefjorden vart det året etter valt 13 diakonar. Også her vart diakonflokken delt. Når vi tar med noko om den delinga som kom seinare alt her, er det for å vise kor djupt inn i kjernen av kristen flokken skiljet gjekk. At alle desse vart uærlege og for vill, er ein alt for enkel konklusjon. Det skjedde mykje positivt i flokken. No starta diakonane med faste samtale møte om arbeidet og fekk ei fin oppbygging innan i flokken. Det var Kårstad som opna skulesalen sin til dette bruk. Møta var annan kvar laurdag. Han var ikkje valt som diakon, men i kraft av utrustinga si var han sjølvskriven mellom leiarane i flokken. Møller og Barstad var også ivrige med. Då Møller reiste hausten 1889, tok Barstad over som fungerande sokneprest til den nye kom. August Weenaas (1835-1924) var sokneprest i Volda frå seinhausten 1889 til hausten 1895. Han var ein mann voldingane ikkje gløymde. Det var inga enkel oppgåve å kome rett inn i eit av dei største fornying- og vekkingssentra i seinare tid. Weenaas var på ingen måte åndeleg moden for oppgåva. Det fekk store følgjer. Det er vi alle samde om, enten vi seinare hamna på den eine eller den andre sida. Weenaas vart ynskt velkomen i flokken av Barstad. Han fekk innleie til samtalar i diakonmøta, men snart skulle han føle seg utanfor. Dei han møtte her, hadde opplevd det han talte om og var forbi det stadiet der teoriar var nok. Det fanst inga lærebok som kunne gi han eit overtak. Her vart spørsmålet om Weenaas ville lære, fornye seg, ja, rett og slett bli reformert. Det var ein farleg veg å gi seg ut på for ein som skulle vere hyrde for flokken. Det var han som skulle lære, styre og bestemme over dei andre.

FRAMGANGEN VERT SNUDD TIL TILBAKEGANG

Weenaas var ein lærd mann med stor bokleg visdom, ivrig skribent og politkar. Han var godt orientert om utviklinga i verda og i dei kjende kyrkjesamfunna. Weenaas kunne tale om si tid i Ålesund og lovprise den «Haugianske» vekkinga som hadde gått over Sunnmøre i 1850 åra. Den var evangelisk og kyrkjetru. Med glede slutta den seg til det beståande. Den forlanga berre nytt liv i gamle former. Han som prest kunne styre etter dei gamle kjende formene og ha kontroll. Vekkinga i Volda gjekk mykje lenger. Den kunne ikkje styrast etter gamle mønster. Dermed måtte den vere ukyrkjeleg og Anti kyrkjeleg. Ein dryg påstand mot Indremisjonen som skulle vere eit fornyande element inne i kyrkja og ikkje eit konserverande element. Weenaas vart pressa og svarte med makt. Når no Weenaas valde side mot Indremisjonen i 1890, la han press fyrst og fremst på Barstad. Men han brukte også talarstolane i kyrkjene til å fremme sitt syn. Då vart det igjen grovt sett ei tredeling innan flokken som i Hauges tid. 1) Dei som ikkje hadde tatt personleg stilling, men stod bak presten og kyrkja i alt. 2) Dei som hadde opplevd vekkinga personleg, og 3) dei som stod på val. Når Weenaas torna mot lekfolket, vart dei kritisk til han og til hans personlege trusliv. Weenaas gjekk personleg imot denne rørsle. Barstad sitt vitnemål om at han personleg hadde vorte vekt ved lekmannen Sand sine møte i Volda, gjorde ikkje Weenaas mildare stemt. Han kom no med skuldingar både mot Møller, Kårstad og Barstad. Han gjekk altså både mot leke og lærde som var positive til vekkinga som følgde Sand. Som modne kristne, såg dei no meir på presten som ein likemann. Han var berre hyrde og leiar i kraft av den åndelege utrustinga og den truskapen til bibelens ord som han viste. Då han seinare såg fruktene av virket sitt og i 1893 vart tatt hardt under årsmøtet i fellesforeininga, uttalte han: «*Havde ærfaring baade fra Frikirke og Statskirke. Visste ikke hvad som var best. Der var langt fastere baand ved Frikirken i Amerika eller ved Statskirken her heime*».

LEKFOLKET FÅR LEIINGA I INDREMISJONEN

I 1890 gjorde Barstad noko han skulle ha gjort alt i 1887. Han gav leiarstillinga i Volda Indremisjon til Nikolai I. Molvik. Han fekk mest stemmer i 1887 og var kanskje lekfolkets største leiar. Han hadde også folkets tillit. Verre var det med Barstad som var i klemme mellom Weenaas og kristenflokken på bedehuset. Når han ikkje kunne tone reint flagg mot Weenaas, måtte han tola kritikk for det. I kraft av stillinga si som diakon, hadde fleire halde oppbygging på bygdene i Volda og Ørsta. Då det følgde vekking med fleire, vart dei opptekne som talarar og utsende frå Fellesforeininga for Indremisjon som hadde sete i Ålesund. Mange bygder kom med sine ynskje og krav om kven dei ville ha. Molvik og Clausen var ofte ynskje. Begge var flinke talarar. Molvik var 10 år eldre og meir stillfarande, men uredd. Clausen var vekkingsevangelisten som var ein meister i tale og svært slagferdig. Han hadde ordet i si makt som få andre i samtida. Det gjorde at han vart som ein motpol til Weenaas. Når Weenaas hengde ut kristen leiarane, tok Clausen igjen og talte imot presten. Dette var starten på noko som vart vanskeleg å stoppe. At Clausen tok i bruk same våpen som Weenaas vart til slutt banen hans. Utgangen på denne striden vart hardast for Clausen. Han fekk ein knekk for livet. Weenaas derimot søkte eit nytt kall som ikkje hadde liknande «problem» som i Volda.

UTVIKLINGA INNAN INDREMISJONEN I VOLDA, ØRSTA OG AUSTEFJORDEN

Vi veit at der var forskjellige grupper i kyrkja. Dei som ikkje fekk behova sine dekkja der, søkte til andre stader. Vi har nemnt dei tre gruppene som var i kyrkja:

Vanlege kristne: Døyppt og kristna, stadfesta ved konfirmasjon og vidare ei etter fylging av tradisjonen i kyrkja. Er det skilnad mellom kyrkjias tradisjon og bibelen, har kyrkjias tradisjon (ånd) rett.

Vakte kristne: Desse vakna opp og fann at for dei var ikkje dette svaret på behovet deira. Behovet vart dekkja ved å be Jesus om frelse, noko som også førde til eit personleg samfunn med Gud. På dette grunnlaget kunne ein ikkje berre følgje tradisjonen, men Gudseige ord i bibelen. Dersom det er forskjell mellom bibelen og den tradisjon som kyrkja forkynnar, er det bibelen (bokstaven) som har rett.

Val kristne: Desse har vakna og ser at det er eit val. Den som vil oppleve livet, må ta eit personleg val. Men er eg villig å betale prisen?

Mellom dei to fyrste gruppene var det ein maktkamp. Dei vanlege kjende seg fordømde av dei som hadde skilt seg ut med eit personleg val. Dei andre ynskte å dele sine positive opplevingar med dei som ikkje hadde opplevd det usynlege livet der alt var bygt på personleg tru. Av spørsmål som var mykje strid om mellom desse gruppene, kan vi nemne følgjande:

KRISTNE SAMFUNN UTANFOR KYRKJA (STIFTINGSÅR)

Metodistar (1856), Den frie apostoliske christelige Menigheit (1856) Den Evangeliske Lutherske Frikyrkje (1877) Baptistar (1860), Plymouthbrødrene (før 1880), Kristi Menigheit (1880), Frimisjonen (1884) og Frelsesarmeen (1889) hadde alle kome til Noreg siste 50 åra og var ikkje ukjende for kristenfolket i Volda. Gjennom fyr- og merkevesenarbeid rundt heile kysten vår, var det ikkje noko innan kristenlivsutviklinga som var ukjent. Det var også spreidd mykje kristne bøker, småskrifter og blad av forskjellige samfunn. Også kyrkja og dei kyrkjelege retningane spreidde sine skrifter. Vi kan trygt seie at det fanst få, om det i

det heile nokon i indremisjonen som arbeidde for innføring av andre trussamfunn i vårt område. Før 1893 var her ingen strid.

ÅNDELEGE SYNER OG OPENBERRINGAR.

Med den åndsutrustninga som kom før 1890, kom også åndelege nådegåver i funksjon. Det var ikkje berre visdoms- og kunnskapsgåva i forkynninga, men også openberringar om skjulte ting hos andre. Det var syner om framtida og notida. Den kunne gjelde kristen flokken generelt, eller den kunne vere rette mot nokre spesielle personar. Dette var ikkje noko nytt. Dette hadde følgt dei truande gjennom alle tider. Det profetiske ordet vart levande, og det openberra at Jesus snart kom tilbake for å hente dei som venta på han. Folk vart lekte. Tungetale vart av mange oppfatta som tale utan meining. Problemet var berre at på den tid var ikkje forkynning om tungemålgåva vanleg, så dei visste ikkje kva det var. Der var også mange syner av englar eller av Jesus sjølv. Guds kraft kunne vere så mektig at dei fall bort i ånda og låg som døde eller dei tala medan dei låg. Vi kunne nemne meir, men det var ingen ting av det som skjedde som ikkje også hadde skjedd før. Kristne har opplevd det frå den fyrste tid og vil halde fram med det så lenge dei er opne for det som kjem frå Gud. Vi snakkar no om livet i indremisjonen og ikkje mellom dei som mykje seinare kalla ei liknande vekking for pinsevekkinga.

SYNDEFRIHEIT ELLER FRI FRÅ SYNDA

Dette temaet kan gjerast veldig vanskeleg eller veldig enkelt. Vi vil innleiingsvis sjå på forklaringa av eit par omgrep. Dagleg omvending med bøn om tilgjeving. Gud tilgir og frelsar minutt for minutt. Kvar synd som vert gjort må ein be om tilgjeving for. Dersom vi vil presse den tanken, så kunne ein kristen døy som ufrelst om han (eller ho) sa eller tenkte

noko gale rett før han døde og ikkje fekk tid å be om tilgjeving. Vi vil sjå at Weenaas hadde dette synet. Det kjem fram i ordninga med nattverden og tilseiing av syndenes forlating gjennom presten som Guds eigen representant. Tilgjeving vart ikkje berre gitt til dei som låg for døden som «den siste olje», men til både truande og vantruande. Etter skrifte vart det gitt avløyning og nattverd. Då var saka med Gud i orden, men kor lenge?. Dette førte til eit træleliv for ærlege sjeler der ein aldri kunne kjenne seg trygg. Spørsmålet var om Gud gjennom Jesu død, kunne gi eit nytt liv, der ein slapp å stadig kjenne seg fordømd for syndene sine. Jesus sa jo sjølv at det ikkje var synda som ville stengje oss ute frå Gud, men det at vi ikkje trudde på han som er ei soning for syndene våre. Så var det altså ved å tru og ta imot at ein kunne få fred med Gud. Sand forkynte at Kristus er vår løysing, og ved trua på Jesus går ein over frå døden til livet enten presten er der eller ikkje. Det er ei personleg sak mellom Gud og den enkelte. Den prestekontrollerte Indremisjonen ville berre ha forkyntarar som levde i dagleg omvending. Det vart fortalt om ein Indremisjonsforkyntar som ei hel veke hadde levd i fred med Gud, og det vart strid om han kunne brukast i tenesta. Dei som vart stengde ute frå Indremisjonen, trudde at Gud gav dei eit nytt liv ved trua på Kristus Jesus, og om dei synda, så hadde dei ein talsmann hos Faderen. Han var deira liv for Gud. Sjølv levde dei i trua på Jesus, som born av Gud utan frykt. Men var det då berre å synde og leve som ein ville? Langt i frå! Den som lever i trua på Jesus Kristus leikar seg ikkje med synda.

SEPARATISME

Her stod den store striden. Kongelege lover forbaud «*særsind*», dvs. at eit stilte spørsmål ved kyrkja eller presten. Det kom fram i lov av 1706, 1741 og 1745 om forbod mot all separatisme, dvs. utskiljing av truande i frå folkekyrkja. Då skiljet vart skarpt mellom truande og vantruande i Volda, sa presten stopp. Det førde til at store deler av

indremisjonen sine folk brått fann seg sjølv på utsida av si eiga kyrkje. Vile dei inn att der, måtte dei leggje ned det dei stod for som truande og gå tilbake til eit liv i stilla under prestens forgått be finnande. Det som hadde virka fint i Møller og Barstad si tid som prestar, vart no uråd på grunn av Weenaas. I alt dette hadde ikkje Indremisjonen slutta å halde samtale om Guds ord. Weenaas gav dei no problem med nattverden.

TRE NAMN KNYTT TIL NATTVERDEN

Privat nattverd: Brukt om prestar som saman med personar i det øvre lag av folket tok nattverd i heimen, for å sleppe å mengje seg med allmugen. I Volda brukt om dei som ikkje hadde noko offentleg namn å samlast under.

Nattverdforeiningar: Dei som hadde mønster av Treidervenene i Kristiania.

Fri nattverd: Nattverd utan utdanna prest.

FRI NATTVERD OG «DEN VOLDENSKE NATTVERDFORENING»

Bibelen talar om nattverd både i heimane og i kyrkjelyden, men berre til truande. Den norske Lutherske statskyrkja i Noreg er ei folkekyrkje samansett av truande og ikkje truande. Alle er kristna i barnedåpen. Alle skulle difor ta nattverd i kyrkja etter ein fast tradisjon. Fyrst kom dei til presten og sanna syndene sine. Han tilsa dei då forlating for syndene. Deretter gjekk dei til nattverd alle som ein. Det var då å håpe at ein ikkje synda mellom kvar gong ein fekk tilsagt syndenes forlating. For om ein då døde før presten kom, var ein fortapt. Dette utrygge tilværet var ikkje å leve med. På grunn av dei store

vekkingane som hadde gått over landet, kom det som vi har sett ei lov frå 1886. Denne opna for å sleppe skriftemål om ein ikkje hadde bruk for det. Men denne lova var så pass vag i utforminga si at om ein tok den opp i strengaste form, kunne presten ha høve å spørje vedkomande om grunnen til frispørjinga. No var det slik at mange av dei truande hadde snakka ut med Gud personleg om synda si. Dei rekna då at Jesu blod hadde reinsa bort denne synda. Dei hadde difor ikkje bruk for den ordninga som eigentleg hang att frå den katolske kyrkja og var meint for dei som levde i synd. Då indremisjons folket kom til Weenaas og ville spørje seg fri frå skrifte, misbrukte han dessverre makta si og let personleg aggresjon gå ut over dei som kom. Fleire av diakonane i Indremisjonen opplevde dette så tungt at dei ikkje ville gå til Weenaas meir. Vi kan her nemne t.d. Hans S. Halkjelsvik (1864-1923) på Skjerva som hadde gitt tomt til og aktivt var med på bedehusbygginga. Då han ein gong kom ut frå Weenaas, lyfte han handa og sa: «*Hit kjem eg ikkje meir*». Det vart likevel eit unntak. Han kom att som den fyrste i Volda for å melde seg ut av statskyrkja. Ole G. Clausen kom også for å spørje seg fri, men Weenaas sa: «*Treng de ikkje til syndsforlatelse, de da?*» Dette viste kor lite Weenaas forstod av det som hadde skjedd. I ettertid er det enkelt å seie at det heller ikkje var råd for han å skjønne det. Han hadde stengt seg sjølv ute frå den opplevinga dei i Indremisjonen hadde fått. Dette førte til at fire av diakonane rett før jul 1891 delte fri nattverd i ein heim slik også bibelen fortel at dei fyrste kristne gjorde. Dette var i Ørsta, i Ole G. Clausens heim. Dei andre tre var frå Volda, Sjur R. Strømme (1836-1930), Knut A. Birkedal og Ola M. Kile (1857-1946). Seinare heldt dei fram på Bjørkedalen i heimen til Knut A. Birkedal. Det var tidleg i februar, men det heldt fram og vidare utover våren. Weenaas melder det heile, og lensmannen sender inn meldinga av Clausen og Birkedal via statsadvokaten til riksadvokaten den 15-03-1892. No vart folket på nytt delt i tre grupper. Også her er nok «vente og sjå» gruppa størst. Det var ikkje for at dei meinte det var feil, men dei var redd for at styresmaktene med Weenaas som pådrivar kunne finne noko straffbart i forholdet. Men trass alle forsøk frå styresmaktene

var avgjerda frå riksadvokaten følgjande: «*Tiltale bør frafalles*». Her i Volda heldt striden fram frå kyrkja si side. Dei tok avstand frå fri nattverd. Formennene i Volda og Ørsta Indremisjon Molvik og Clausen deltok. Viseformannen, prest Barstad var imot. Noko val hadde han heller ikkje som prest i kyrkja. Vi kan sjå på korleis den andre leiaren, som også var leiar av Kinamisjonen, Henrik Kårstad, løyste dette. Alt før den fyrste frie nattverden fann stad, hadde han søkt lærar- og klokkarpost i Talvik i Finnmark. Han vart tilsett rett før jul 1891 og reiste våren 1892. Vi ser at nattverdstriden ikkje var den utløysande faktoren for Kårstad, men kanskje hadde det blitt for trong virkeplass mellom Weenaas, Barstad og Indremisjonen. Han vart borte til hausten 1893, men før han drog, hadde han markert seg mot fri nattverd. Vi må hugse at han skulle ta jobb i kyrkja. Fellesforeininga la heile nattverdstriden død og tok den ikkje ein gong opp til debatt på sine samlingar.

HOVUDSKILJE OM NATTVERDEN

Under striden ville Weenaas tale dei frie nattverdbrukarane til rette. Han kalla dei inn til eit møte og la ein stabel av kyrkjehistoriske verk på bordet. «*No skal vi sjå kva kyrkjefedrane har å seie om denne saka*» sa Weenaas. Då sa Knut A. Birkedal: «*Kan du vise oss det ut frå bibelen skal vi bøye oss, men for desse bøyer vi oss ikkje*». Dette er historia i eit nøtteskal: Kva er autoriteten i ei åndeleg sak? Berre ei av desse er den same frå slekt til slekt: **Bibelen**. Kyrkjehistoriske læreverk forandrar seg.

WEENAAS VISER MAKT MOT FOLKESKOLE LÆRARANE OG MOT LUTHER

Som formann i skulestyret, kan ikkje Weenaas godta at lærarane er med i fri nattverd og samtidig står for den lutherske forkynninga til borna. Weenaas sitt syn kjenner vi, men kva meinte dei som tok fri nattverd om forholdet til Luther? Dei meinte dei hadde støtte frå

Luther i eigen person: No er den åndelege modninga Luther sakna blant kristne til stades, og då skulle dei kunne avløyse prestane og overta meir av arbeidet i kyrkjelyden, som for eksempel ved nattverden. Dessutan fortalde Det Nye Testamentet at prestane si tid som gruppe var slutt, og eit heilag alminneleg prestedøme har blitt innført. Nattverd utan prest var difor rett både ut frå Luther og bibelen. Luther seier dessutan «*at han ønskjer alle sine bøker brent dersom de hindrar folk at læse Bibelen, og at han kunn skriver for at føre folk inn i Bibelen*». Lekfolket gjorde nå Luthers ord til sine: «*Om jeg ikkje blir overbevist av den hellige skrift, bibelen, - eller med andre klare og greie grunner, hverken kan eller vil jeg kalle tilbake det jeg står for. Det er ikkje tilrådelig å gå mot sitt samvit. Her står eg og kan ikkje anna. Gud hjelpe meg*». Dette var gyldig både føre keisar og pave. I Volda galdt dette i møte med Weenaas og støttespelarane hans. Ville dei la seg reformere? La oss tenkje etter og svare kvar for oss. Lærer Nikolai I. Molvik i Volda og Wilhelm Grytten i Ørsta misser jobbane sine i skulen den 23-06-1893. Begge var diakonar i Indremisjonen og Molvik var også formann. Ei sørgjeleg sak, og sjølv om dei begge vart frikjende året etter og fekk erstatning for uretten, vart følgjene djupe sår i nokre av dei personane som var innblanda. Det fekk følgje for utviklinga i tida som kom. Det er aldri lett å vere pioner og bryte ned og rette opp misbruk, dvs. å reformere. I dag er mange ting ein sjølvfølgje, men nokon har gått føre og bana vegen.

INDREMISJONEN VED EIT VEGVAL

Teori og praksis er to forskjellige ting. Slik har det vore og slik er det framleis. Du kan godt seie ein ting, men vil du gjere det, får du oftast kraftige reaksjonar. Indremisjonen hadde eit stort møte på Avholdsheimen i Ålesund 9-10 november 1893. Venene våre var med. Møtet vart halde for opne dører, men kvinner hadde ikkje tilgang.

Vedtak i Sunnmøre Indremisjon.

1. Forsamlingen kan ikke erkjenne at statskirkens prinsipp eller menighetsordning i det hele tatt stemmer med Guds ord og den lutherske bekjennelse.
2. En kan derfor heller ikke gjøre seg håp om at man ved å arbeide for reformer, kan bringe statskirken inn i bibelske former.
3. Forsamlingen tør dog ikke nettopp nu tilråde en øyeblikkelig uttredelse, da den kyrkjelige bevissthet er altfor lite utviklet blant troende dertil. Derimot må det ansees for de troendes plikt å virke for at bevisstheten om uholdbarheten av det bestående forhold må bli vakt, så de troende må drives til å samle seg til uttredelse.
4. Tror nogen at det er synd å bli stående i statskirken, må han gå, da det ikke er rådelig å handle mot sin samvittighet.
5. I midlertid kan de troende i mellomtiden utta sine rettigheter av statskirken i den utstrekning de finner nødvendig.

Til slutt vedtok møtet samrøystes: «Møtet beslutter å overdrage til bestyrelsen av Sunnmøre fellesforening for Indremisjonen at besørge saken på beste måte». Det siste var nok ikkje rette forum om ein ville ha framgang for ei fri lekmannsrørsle med mønster frå Jesu utveljing av læresveinane sine.

Forslag 1-4 var framsett av Johannes Solem. Alle 150 røysta for. Forslag 5 var framsett av Ole G. Clausen 142 røysta for, åtte hadde gått frå møtet. Det vart stilt spørsmål om ein ikkje burde bruke mønsteret frå forsamlinga i Calmeyer gatas misjonshus i Kristiania, men vi merkar oss at Luthers ånd var levande: Tilliten til den åndelege utviklinga hos lekfolket var for liten. Når kristenfolket berre vart meir modne, skulle Indremisjonen gå samla ut. Det er med sorg ein ser at då lyset i Indremisjonen var på sitt høgaste, var dei ikkje sterke nok til å bryte ut i fridom. 100 år etter, i 1993, må ein spørje dei som i dag er lys berarar i Indremisjonen, om målet no er nådd.

«NY» VEG FOR INDREMISJONEN I VOLDA, ØRSTA OG AUSTEFJORDEN

Nikolai I. Molvik fekk ei ny helsing frå kyrkjjas folk då Barstad tok roret i Indremisjonen. Molvik som formann, måtte gå av og var no stengd ute frå kyrkja, skulen og Indremisjonen. I desse tre institusjonane hadde han lagt ned all si kraft i heile sitt vaksne liv. Det vart som ein lamming over den «nye» kursen. Alt arbeid som hadde vore gjort vart rekna som inkje. Når Austefjord Indremisjon skreiv at «*i dette år (1893) hadde foreininga intet virke*», så var det eit ordspel for å følgje instruksen frå Fellesforeininga i Ålesund. Det arbeidet som var drive var ikkje rett, og pengane som vart brukt var tatt utan lov. Vi skal la den saka liggje og nøyer oss med å seie at Indremisjonen fekk ein knekk. Vi må ikkje tru at Gud hadde vendt enkeltpersonane i Indremisjonen ryggen. Nei, det var ikkje Gud som gjorde feil her. Han har alltid rett, men spørsmålet er om han fekk viljen sin igjennom? Vi trur ikkje at han fekk det. Det viser seg nemleg at ein reformasjon ikkje er gratis. Den kostar sjølvlivet!

INNLEIING TIL DEL II

Volda og Ørsta vart aldri meir det same etter 1893. Sjølve grunnen til livet var forandra.

Vi skal her nemne litt om ordet «*FRI*».

Fri nattverd: Nattverd utan prest, som i apostlane si tid.

Frihand: Dei gamle sa om lekmannsforkynnarane at dei talte av frihand. Dette var i motsetning til presten som las frå sitt ferdigskrivne manus.

Frie vitne: Lekmannsforkynnarar som ikkje hadde svore truskap til nokon organisasjon eller kyrkjесamfunn, men var frie og virka fritt. Fyrst ute i Volda var Knut A. Birkedal og Nikolai Molvik.

Frie Indremisjonen: Den var utan overstyring frå prest eller eit sentral styrt Indremisjonsselskap. Forkynninga måtte ha basis i Guds eige ord og ikkje i skrivne statuttar.

Frie bedehus: Bedehus som er opne for alle som forkynner Guds ord med eit fritt og heilt evangelium. Dette gjaldt både frie lekfolk og dei som var tilknytt ein organisasjon. Dei var også opne for prestane, men ingen skulle danne noko parti eller sær samfunn i desse. Dei var frie. Huset var berre til bruk, og det var det som hende i huset som var viktigast.

Frie samfunn: Eit stort problem under striden var at prestane ikkje kunne finne eit kyrkjesamfunn som han kunne presse desse inn i. Då dei vart spurde, vitna dei frimodig: "Vårt samfunn er med Faderen og Sonen hans Jesus Kristus." Som dei fyrste kristne hadde dei kome inn i eit himmelsk fellesskap og opplevd på kroppen verkinga av bundne jordiske samfunn.

LIVET UTANFOR STATSKYRKJA. «DET FRIE LIVET?»

No forlèt vi kyrkja, og ser på livet blant dei som vart stengde ute. Dei hadde vore med på å byggje kyrkja og eigde del i den og i skulehusa, men ingen av desse kunne dei bruke til samlingane sine. I begge samanhengane rådde nemleg Weenaas grunnen. Bedehuset dei var med på å byggje i Volda, var det ope? Nei! Alt i 1892 kom det framlegg om forandring på statuttane for bedehuset, der Martinus H. Høidal (1842-1927) ville at ordet «luthersk» skulle gå ut. Det var usemje om innhaldet i ordet. Ein kunne verte utestengd berre det vart sådd tvil om ein var luthersk i læra si. Som vi har fortalt, dømde indremisjonen kyrkja som ikkje luthersk. Likevel blir presten Barstad ny formann. Då dei ikkje nådde fram, bad dei om å bli fritekne frå dei økonomiske forpliktingane dei hadde på bedehuset. Dei fekk ikkje bruke huset likevel. Desse vart fri: Martinus H. Høidal, Knut A. Birkedal, Paul H. Hjorthaug (1854-1933) Hans P. Hjorthaug sitt bo, Hans E. Rusten (1860-1910) og Hans S. Halkjelsvik.

FEM FRIE BEDEHUS VERT BYGDE I VOLDA (1893)

Dei som no kom på utsida av kyrkja og den tradisjonelle indremisjonen, bestemte seg for å byggje frie opne bedehus til bruk for flokken i alle bygder. Clausen var

indremisjonsformann og hadde kontroll over bedehuset i Ørsta. Han hadde drive med handel og var agent for eit trelastfirma i Trondheim. Han tilbød seg å skaffe material til alle bedehusa under eit tilbod, og slik kunne ein få ein betre pris. Ein måtte då byggje alle bedehusa under eit samfunn. Det fekk namnet «*Volden og Ørsten Misjonsforbund*». For dei tre store bedehusa på Folkestad, Sætre og Austefjord, skulle brødrane stå økonomisk ansvarleg samla. Dei to mindre i Høydal, og på Bjørkedal/Kile skulle dei kristne på staden stå ansvarleg for. Det har vore nemnt at Clausen skulle ha slik makt over folket at nokre overlèt bankbøkene sine til han. Clausen var leiar og ansvarleg for dei som ofra pengar og tid til denne saka. Mange andre gav også utan baktankar til Guds sak av det dei eigde. At økonomien vart for vanskeleg, var vel neppe berre Clausen sin feil. Vi har ingen grunn til å tru at han vart rik på dette. Alle desse husa vart reiste i 1893, eit år då virket låg nede i følge somme kjelder. Dette var eit verk utan sidestykke i norsk vekkingshistorie. Vi tenkjer då på desse husa og flokken rundt det. Det er lite skrivne kjelder frå denne tida, men husa og folket i dei fortel si eiga historie.

AUSTEFJORD BEDEHUS PÅ LEITE, 1893-1899

Størsteparten av Indremisjonsstyret her tok aktivt stilling for ei friare kyrkje og for at styret sjølv kunne ta inn talarar på eit fritt og sjølvstendig grunnlag. Fellesforeininga for Indremisjonen med sete i Ålesund var motstandarar og fekk dei friare elementa i styret ut. Nytt styre vart valt 21-01-1894. Den talaren som ikkje vart godtatt, var formannen i Ørsta Indremisjon Ole G. Clausen. I 1893 stod bedehuset ferdig om hausten. Jakob L. Leite (1857-1925) gav fri grunn. Huset låg på Pøitahammaren bak det som no er Austefjord mekaniske, og vart sommaren 1899 riven og seld til frikyrkje i Ørsta. Der fekk det namnet «Betel» og vart inn vigd 03-12-1899. Om bedehuset hadde namn i Austefjord, er ikkje kjent, Det ser ikkje ut til at nokon av dei fem bedehusa fekk namn. Det fortel om grunnhaldninga

til brukarane. Ikkje noko namn skulle kunne skape splid. Husets reglar var enkle: ope for alt Guds folk, men ingen kunne danne parti i huset. Frå 1899 og utover hadde dei møta i kyrkja og skulehuset på Vollane. Då ny skulen kom i 1920, vart kjellaren fast møterom. I 1960 vart det bygt leirhus for "Betel" i Volda, og til 1981 vart det brukt til møte for dei frie kristne. Når eit nytt felleshus for heile bygda, med det fine namnet «Samhald» var ferdig 1981, var ringen slutta. Atter hadde bygda eit fritt hus ope for alle.

FOLKESTAD BEDEHUS, 1893-1905

Den som gav grunnen her var Ola E. Folkestad (1862-1951). Huset vart mykje brukt av alle, også prestane. Då huset her også fekk ei kort levetid, kom det av fleire forhold. 25. til 28. oktober 1902 kom det ei ny deling i flokken. Det var eit venestemne i bedehuset med stor oppslutning. Nokre vart så fylde av den heilage ande at dei tok til å hoppe høgt av glede. Andre dansa av all makt for Herrens åsyn. Det same skjedde i privathusa. Mange tok avstand frå dette som ingen hadde sett før. I den store dansestriden som gjekk over Sunnmøre, hadde kristen flokken tatt avstand frå dans. Økonomien for bedehusa vart ikkje betre etter det nye skiljet. Folkestad fekk ny skule i 1904 der dei kunne leige rom til å ha møte i. Prestane var ikkje lenger så harde, så dei frie kristne fekk låne skulane til møte. Presten vart nekta bedehuset ein gong, men då kom grunneigaren og sa at avtalen no var broten. I 1905 vart huset selt til fiskarheim på Flåvær og i 1910 flytta til fiskarheim på Sandshavn. I 1916 vart ungdomshuset «Viten» ferdig, og det vart ofte leigt til møte og stemne av dei frie. «Ljosheim» det bedehuset som no er på Folkestad, vart ferdig i 1956. Det har same tomte som det gamle bedehuset. Dette er eit fritt bedehus som er ope for alle kristne trussamfunn i bygda.

SÆTRE BEDEHUS ELLER MISJONSHUS 1893, 100 ÅR I ÅR

På Sætre i Molviks eiga bygd, vart tomta gitt av Peder S. Sætre (1862-1938). Dette er det einaste huset, saman med gamle «Zion» i Volda sentrum som framleis er i full drift. Det var som dei andre bygt som eit ope og fritt bedehus, men her kom eit brot med den frie bruk. Etter delinga mellom «Frie» og «Fri-Frie» i 1902 vart flokken meir spreidd. Det vart då ein avtale om at frikyrkja i Ørsta og den lutherske misjonsflokkjen på staden skulle ta ansvar for økonomien. Det kom også krefter i sving som prøvde å motarbeide dei friare kristne ved å nekte dei bruk av huset. Dei kunne få komme, men fekk ikkje delta eller ha eigne møte. Takka vere Andreas P. Sætre (1894-1974) har huset no i snart 60 år vore brukt etter den opphavlege forut setninga. Sidan dei arbeider med eige skriv, skal vi ikkje ta med meir her. Vi vil likevel nemne at det vart her dei brukte å halde årsmøtet for Volden og Ørsten Misjonsforbund. Det var vanlegvis ved Jonsoktider. Vener kom då frå Ålesund, Sykkylven, Flemsøy, Herø, Gurskø, Vanylven, Ørsta, Førde, Bjørkedalen, Folkestad m.m. Ja det var ei samling frå Stavanger i sør til Trondheim i nord. Den gode tradisjonen med samtale- og spørsmålsmøte frå sommar- og hauststemna vart her halden ved like. I den tida dei frie var utestengde, leigde dei Losje Vårdraum sitt hus, «Vallhall», eller skulekjellaren. I dag er Sætre bedehus det naturlege sentrum for dei forskjellige kristen flokkane i bygda.

BEDEHUS FOR KILE OG BJØRKEDALEN VED VASSENDEN PÅ KILE, 1893-1903(4)

Huset vart bygt på Kile sin grunn. Tre av dei fire fyrste til å nyte fri nattverd i Volda, høyrde til i desse bygdene. Av åtte diakonar, melde sidan 5 seg ut av kyrkja. Det var: Knut A. Birkedal, Sjur R. Strømme, Ola M. (Helset) Kile, Sivert S. Birkedal (1854-1935) og Knut O. Kile (1857-1923). Forutan desse var mange fleire positive til fri nattverd og var ivrige med. Det var jo Bjørkedalen som fekk æra av å ha vitnehøyringa i saka. Etter det vi kan lese av protokollen, kom dei som var innklaga frå det med heider. Huset vart i 1903 eller 1904 selt

til Severin Jensen i Volda. (Severin Jensen fekk grundseddell av Hans S. Halkjelsvik 25\3 1903 og forlangar brandtakst for ny oppført våningshus og uthus 18\4 1905) Bakgrunnen for dette salet kjenner vi ikkje. Det var vel ei blanding av økonomi og forandringar innan kristen flokken. Knut A. Birkedal hadde m.a. no flytta til Sætre. Det var også mykje vedlikehald. Skulane var igjen tilgjengeleg for alt Guds folk. Vi kan også nemne at det frå 1911 vart det meir samling rundt huset «Betel» i Volda. Skulen vart brukt til møte til det kom nytt bedehus på Straumshamn. Tomt frå Sverre E. Bjørneset vart utskilt 1936. Heile bygda var med om dette bygget, og det er eit frittstående, ope hus. Det stod ferdig i 1937.

BEDEHUSET I HØYDALEN 1893-1962 - SJØLVE HUSET STÅR ENDA

Vi vil innleiingsvis her sitere eit skriv av Elias H. Rusten (1891-1975) frå 1933:

«Kvifor og korleis det vart bygt. Og korleis det skulde og skal brukast». Året 1892 før jul vart nedanfor nemnde menn samde um å byggje eit bedehus i Høydalsbygdi. Desse menn var: Ole O. Høydalsdal (1829-1906), Lars H. Høydalsdal (1851-1937), Hans M. Høydal (1836-1920), Lars O. Høydalsdal (1867-1920), Hans E. Rusten (1860-1910), Lars A. Høydal (1867- 1920), Martinus H. Høydal (1864 -1944), Rasmus K. Vadstein (1846- 1923) og Paul H. Hjorthaug (1854 -1933). Grunnen til denne beslutning var at skulehusi og andre forsamlingshus vart stengde fordi desse menn myllom andre byrja gå etter Guds ords anvisning med privat brødsbrytelse og unnlot å døype borni sine i statskyrkja. Klausen, som i si tid var leidar for den frie verksemd, var samstundes agent for eit stort trelast firma i Trondheim. Hja han vart so matrialen bestilt i von um at det ville lukkast å få ei lageleg tomt på eit sentralt sted, men det viste seg å vere umogeleg. Då tilbaud Ola O. Høydalsdal og

sonen Lars O. Høydalsdal tomt på sin eigedom. Dette vart vedteke og tomta vart gjeve fritt og for inkje so lenge som huset vart brukt av frie brødre til forkynning av Guds evangelium. For agitasjon av eller for noko samfunn, parti eller organisasjon er der ikkje tilgjenge. Samtlege brødre vart samde um at huset skulle vere gjeldfritt før det vart tekje i bruk, og ingen av dei som gav til huset skulle kunne krevje noke igjen av dei gjedde midler, men huset skulle stå der fritt til benyttelse for alle predikantar som besøker bygda, uansett samfunn, når berre dei forkynte Guds frie og fulle evangelium.

No vart det litt gjeld på huset, men då det vart spørsmål om økonomien til bedehuset og at det kunne kome i fare, tok Ole O. Høydalsdal og Hans M. Høydal sparepengane sine ut av banken og betalte resten. Slik kom huset under kontrollen til dei som virka for opne, frie hus. Her var det møte, juletreffstar, stemne, snikkarkurs og vevkurs, for å nemne noko av spennvidda i bruken. Det var ei tid snakk om enda eit bedehus i bygda, men då dei fekk ny skule i 1963, vart bruken av bedehuset slutt. Då var også retten til å ha tomta borte. Huset vart selt til Lars Jon O. Høydal (1944-) som var eigar av tomta. Huset står den dag i dag, og utvendig har det same utsjånad. Når bedehuset ikkje vart bygt nede i bygda, var bakgrunnen at kyrkja der var eigar av jorda. Då det var snakk om å byggje eit nytt felles bedehus i 1950 åra, ville dei frie vere med berre om det vart eit fritt bedehus for alle trussamfunn og kristne organisasjonar.

LIVET I BEDEHUSA FRÅ 1893

Vi er forsiktige med å nemne alle namn som vi trur vart med i den frie verksemda i bedehusa. Nokre kan reagere om deira forfedre og -mødre blir nemnde, og andre kan reagere om dei ikkje blir nemnde. Mange var med berre for ei kortare tid og gjekk sidan til-

bake til kyrkja. Andre gjekk vidare til nye trussamfunn, og nokre fall frå trua. Vi skal no fortelje om livet for dei frie kristne og korleis det heile gjekk til. Men fyrst ei enkel forklaring på nokre ord som du kanskje har høyrte.

ORD SOM VART BRUKT OM KYRKJA OG PRESTANE

Skjokje: Om statskyrkja. Bibelen fortel at jordiske kongar ikkje kan styre Guds kyrkjelyd. Det er feil og skal dømast (Openberringa kap. 17-19) Statsmakta er ei naturleg og jordisk makt. Kyrkjelyden er av Gud, åndeleg og himmelsk. Ein kan ikkje blande to forskjellige element. Ei av Luthers svake sider var at han var avhengig av kongens gunst. Som takk sette han kongen til hovud for kyrkja. For det frie kristenliv fekk dette alvorlege følgjer.

Hin mannen: Om prestar som vart oppfatta som dei arbeidde imot dei personlege kristne. Det gjorde det ikkje betre at prestane også gjekk i svarte kler når dei var i arbeid.

STATSKYRKJEMEDLEMMERS ORD OM DEI FRIE KRISTNE

Zionitter: Ei kristen retning i Noreg på 1700 talet. Dei lærte: 1. Atterføding (Gjenføding). 2. Menigheita, eit samfunn av dei heilage. 3. Fri frå statleg kontroll. Statskyrkja er Babylon, den store Skjokje. 4. Samvitsfridom. 5. Alminneleg presteskap. 6. Dåp ved ned dykking av truande. 7. Nattverden, berre eit symbol.

Klausianarane: Dei som høyrde til flokken til indremisjonsleiar Ole G. Clausen i Ørsta.

Heidningar: Dei udøypte borna som ikkje var "kristna" etter statskyrkja si lære. Luther lærte at dei udøypte høyrde djevelen til. Om dei døde for dei rett i helvete. På dette grunnlaget vart det også ei tid, prøvt å nekte dei utanom statskyrkja plass på kyrkjegarden i «vigd» jord, men heldigvis gav prestane etter.

Privat partistane: Dei som melde seg ut av statskyrkja utan å melde seg inn i eit anna samfunn. Desse vart kalla «partiet» i fleire former. Presten skreiv «*intet samfund*» ved utmelding frå statskyrkja.

Frie: Same som ovanfor. Fri utan å høyre til nokon organisasjon. I dag vert ordet brukt om frie vener som høyrer til i kyrkjesamfunnet «Dei Frie Evangeliske Forsamlingar i Noreg» og som i Volda held til i «Betel».

Fri-fri: Ordet vart brukt i ulike tydingar. 1) Dei som var friare enn etablerte fri menigheiter. Metodistane brukte m.a. ordet slik om den frie frimisjonen. Tydinga her er lik dei to ovanfor. På våre kantar vart ordet oftare knytt til fridom i forhold til synd. Syndefridomslæra kan forståast positivt slik at Jesu blod reinsar frå all synd. Det blir likevel å gå for langt om ein lærer at ein kristen ikkje kan synde eller gjere feil. Den læra har fått overtaket fleire gongar siste hundreåret.

Jublarane: Vi nemnde under Folkestad bedehus om dei som vart så glade at dei klappa i hendene, dansa og jubla for Guds åsyn. Vi trur at slikt kan hende, utan at det blir negativt. Men ein kan ikkje lage ei lære som gjer dette til ei hovudsak i alle normale kristenliv. Der-

som ein tar til å dyrke dette aleine, vil det snart stoppe av seg sjølv. Sjølv opplysningar som ein får ved den heilage ande må prøvast på Guds ord, Bibelen.

Gjendøypingar/attdøypingar: Dåp av truande kom til våre trakter i 1895. Dei som praktiserte dette vart av kyrkja kalla atterdøypingar (gjendøypingar). Kyrkja lærte at dei var døypte frå før i barnedåpen. Dei som døypte seg meinte at den dåp dei hadde som born var på feil tidspunkt. Ein måtte fyrst høyre Guds ord og tru. Ein kjenner ikkje døme på over øsing i Bibelen, men berre ned dykking undervatn. Kyrkjehistoria stadfestar dette.

TRUSSAMFUNN I VOLDA OG ØRSTA FRÅ 1893

Flokken av frie nattverdsbrytarar vart spreidde over Sunnmøre. Det var vel berre i Ålesund at ei gruppe fekk halde fram i den indremisjonen som låg under kyrkja sin kontroll. Det kom no til ein fri indremisjon som har vore aktiv til vår tid 1993.

TREIDERVERNENE I KRISTIANIA

Hans Guldberg (1843-1896) hadde ei sterk forkynning om at endetida var nær. I denne tette, nære og personlege ånds atmosfæren samla ein seg om brødsbryting og bøn om Herrens snarlege kome. Andre sentrale var Otto Treider (1856-1928) og Johannes Jørgensen (1850-1892). Deira skrifter og bladet «Evangelisten» vart spreidd i Volda, og var ei medverkande årsak til utviklinga. Dei tok eit særleg ansvar for misjonen i Kina og stifta i 1889 Den norske Kina misjon. Den fekk støtte i forbøn og med pengar frå Volda til etter 1900.

FRIMISJONEN

Frimisjonen (Misjonsforbundet) hadde fotfeste i Ålesund etter m.a. Fredrik Franssons (1852-1907) møte i 1880 og -90 åra. Men alt frå 1860 finst det utmeldingar frå kyrkja i Ålesund. Under vekkinga rundt den frie nattverden, vart Ålesund Frimisjon i 1892 ei av dei heilt frie gruppene og vart fyrst innmeldt att i 1897. Vi kan her nemne at Frimisjonen sentralt var positive til Volda, og i 1894 blir Ole G. Clausen anbefalt som ein forkynnar dei trygt kunne stå for. Vi kan seie at frimisjonen hadde størst sjansar her frå 1892 til 1897, men den fekk aldri noko fotfeste. Vi hugsar at «Volden og Ørsten Misjonsforbund» med Ole G. Clausen som formann, hadde sine årsmøte på Sætre bedehus. I Ørsta får vi i 1896 «Ørsten Frimenighet». Det bladet frå Kragerø og Larvik som Weenaas var sint på, var «Missionæren» (1888-1957). På den tida var det eit frimisjonsblad. Det rådde full samvitsfridom om barnedåp eller dåp av truande. Målet var at det skulle vere rom for alle truande, men berre for truande.

KRISTI MENIGHET

Kristi Menighet var meir ei baptistisk døyparrørsle. Det var sporadiske besøk av dei frå rundt 1895 og utover. Det året fekk vi også fyrste dåpen i vatn her i Volda. Det var berre nokre få, og vi kjenner ikkje namnet på den fyrste. Det vert fortalt om to som døypte kvarandre i Bjørkedals vatnet. Fredrik M. Fet (1853- 1929) leiar i Indremisjonen i Sykkylven, døypte seg i Kristi Menighet i Bergen. Men han rekna brotet sitt med statskyrkja frå 1888, det året han vart formann i Indremisjonen. Edvart Pedersen frå Ålesund som kom hit i 1909, hørde til Kristi Menighet. Nils Devold (1852-1920) frå Langevåg, var kanskje den fyrste frå Sunnmøre som tok truande dåp. Det var under læretida i Glasgow rundt 1875-76. Han var den fyrste som hørde til i «Kristi Menighet» i Noreg. Han fekk ei tid støtte frå Amerika til spreieing av evangeliet. Det varte til 1914. I Ålesund heldt han bryllaup for

misjonærparet Martha og Mathias Støve og hjalp dei med pengar til utreisa i 1912. Han var og ei trufast støtte for dei heilt til han døde i 1920.

BAPTISTAR

Ved hundreårskiftet var det berre tre familiar som rekna seg som baptistar. Alle budde i Høydalen. Familien Lars O. Høydalsdal, familien Martinus H. Høydal og nesten heile familien Hans E. Rusten. Vi trur at det ved folketeljinga 03-12-1900 var minst 100 personar i Volda/ Ørsta som var truande døypte, men dei rekna seg ikkje til anna samfunn eller med "Faderen og Hans Son." Når desse bevisst kalla seg baptistar, hadde det bakgrunnen sin i bøkene til "Predikantanes Fyrste" C. H. Spurgeon (1834-1892) som var svært mykje lest og høgt akta innanfor indremisjonsmiljøet i Volda i 1880 og -90 åra.

METHODISTAR

Desse hadde eit rikt arbeide i Volda frå 1888 til 1916, men det vart ikkje noko ny forsamling her. Det hadde sin grunn i at ingen kunne danne parti i bedehusa, men alle fekk fritt bruke dei. Når metodistane fekk så god inngang, var det takka vere Hans S. Halkjelsvik, tidlegare diakon i indremisjonen. Som vi har nemnt tidlegare, gjorde Weenaas det slik at han ikkje lenger fann rom i det lutherske systemet. 18-05-1894 var han den fyrste voldingen som melde seg ut av statskyrkja. Han gir opp denne grunnen: «Akter at flytte til den episke Metodistkirke». I 1888 kom metodistkyrkja og starta virke i Ålesund. Dette var Indremisjonen imot. Hans tok no pastorane inn i heimen sin, og i følgje gjesteboka på Skjerva kom dei frå Ålesund i denne rekkjefølgje utan dato og år: Pastorane Georg Rognerud, Helge Ristvedt, Chr. Fredriksen, S. Sørensen frå Danmark (virka her 1/2 år), Nils Hessen, Ole Johannesen. Etter eit opphald kjem i 1914 Hans Aasland og i 1916 Johan

Thornes. Etter 1921 kom her ikkje fleire metodistar, då Hans S. Halkjelsvik det året tok truande dåp. Det skjedde i båtstøa til John A. Folkestad (1868-1954) «Hage-Jo» var ein av pionerane i Volda.

PLYMOUTH BEVEGELSEN

Med si sterke metodiske bibelundervisning, har Plymouth rørsla hatt mykje å seie for kristenlivet på Sunnmøre heilt fram til vår tid. Av forkynnarar nemner vi David Mac Murdo og Andreas Wangberg (1867-1930) som virka her før 1914. Seinare har kretsen rundt bladet «Evangelisten» gitt mykje gjennom sine bibelkurs i «den frie indremisjonen». Desse var fri nok til å kalle forkynnarar som var utmelde frå statskyrkja og som virka fritt.

«ØRSTEN FRIMENIGHET»

Paul G. Sand var i Ørsta sommaren 1893. Då sa han følgjande: *«Her i landet fiendes likesåvel en luthersk Frikirke som en luthersk Statskirke, og det måtte etter hans mening stå fritt for en hver hvor en vilde være»*. Ein måtte handle etter si overtyding. Det kom til uttrykk 06-12-1896. Då gjekk 61 personar ut av statskyrkja og danna «Ørsten Frimenighet». Fleire sentrale personar frå Ørsta indremisjon av dei som var med i nattverdstriden, gjekk ut. Det vart valde fire eldstebrør: Paul Myklebust (1859-1934) eldste og forstandar, Anders R. Steinnes (1859-1934), Daniel S. Mork (1857-1908?) og Johannes Melle 1848-1915). Diakonar vart: Ole A. Moe (1854-1925), Ole N. Melle (1820-1909) og Nils N. Liadal (1853-1940). Fyrste tida heldt dei til i bedehuset, men då det vart selt til kommunen, bygde dei sitt eige «Betel» i 1899, tidlegare Austefjord bedehus. Kyrkjelyden tok også over halve kostnaden og ansvaret for Sætre bedehus. Når det skjedde og korleis det var råd, får vi kanskje vite i 100 års skrivet for bedehuset. Det var i alle fall mange frikyrkjefolk på Lauvstad. Dei tok også over

Liadal bedehus - eit lite hus hos Nils Liadal. Då staden fekk ny skule i 1903, vart møta snart flytta dit, og huset vart rive i 1930-åra. I 1964 vart den nye frikyrkja ferdig. Når dei frå starten bestemte namnet «Ørsten Frimenighet», så skulle det vere eit samlenamn som ikkje støtte bort dei som kunne reagerte på namn som «luthersk» og «kyrkje». Då truande dåp vart meir vanleg, ville dei markere at dei var for barnedåp og berre det. Dei skifta difor like før 1900 namn til «Den Evangelisk Lutherske Frimenighet i Ørsten m/omegn».

FRIE OG FRI-FRIE, «BETLARAR» OG «JUBLARAR»

Rundt bladet «ILDTUNGEN» (1892-1900), voks ei ny vekkingrørsle fram. Bladet høyrde til frimetodistane. Sivert V. Ulness (1865-1937) var redaktør. Han reiste til Amerika i 1884 og kom i 1887 i kontakt med nokre kristne som kalla seg «Pentecost Band» eller «Pintse Baand» og den 13-07-1887 overgav han seg til Gud. No starta han virke i indremisjonsarbeidet til Den Frie Metodistkyrkja og vart etter 1890 sendt til Noreg for å virke saman med kona si, Lillian. I alt skulle slike «Baand» vere 4 stykke. I 1892 kom bladet, og i 1893 det fyrste bedehuset. Det var i Sogndal og hadde namnet «Sion». I 1895 fekk dei seg bedehus i Vik i Sogn. Der fekk huset namnet «Eben-Ezer». Om bladet var fritt metodistisk, vart det enda friare. Omkring 1895 tar Ulness truande dåp, og Erik Andersen (1858-1938) (frå 1917 Nordquelle) gjorde det same. Dei starta samarbeid frå 1897. Før år 1900 var det om lag 100 familiar i Volda som heldt bladet og vart påverka av det. Vi vil no nemne namna på nokre av dei forkynnarane som virka her og som også skreiv i bladet Ildtungen før 1900. Knut A. Birkedal starta som fritt vitne saman med Molvik i 1893, og då Molvik døydde 07-03-1894, heldt Birkedal fram. Han bli kalla «Morits-Knut», og saman med Sjur R. Straume blir han utnemnt som «Eldste» i Volda. Opplysningane frå 1900 seier ikkje noko om når dei vart valde. Kanskje var det samtidig med utnemninga av «Eldste» i Ørsta i 1896. Frå 1897 skreiv lærar Peder E. P. Hjelle (1862- 1921) i bladet, og frå 1898 reiste

han som talar. Hans Nævland (1866-1920) døypte på ein vinter frå desember til februar (1899/1900), 52 personar i Volda. Det var ute i sjøen. Vidare virka følgjande som predikantar: Johan Fosse, Adolf Petersen (dansk), Johannes Løsnæs, Dahl, Danielsen, Olsen, Nils A. Foss. A. Torbjørnsen frå Ålesund var blind. Det var han brukte songen «Jesus er Livets Fyrste». Torvald Tønnesen var medhjelparen han. Dei hadde også kontakt med Sverige og Danmark gjennom bladet. Ein tidlegare prest og misjonær i Syria, H.J. Mygin i Danmark skreiv også mykje, m.a. den herlege songen «Lys stråler frem av det dypeste mørke». På stemna var det folk frå heile Norden, og dette hadde ei stor påverking i distriktet vårt. Abonnentlista fortel at i Volda vart bladet lese av folk frå alle leirar. Frå august 1900 skifta bladet namn til «Sandhet og Frihet» og det skjedde ei utvikling. Rundt hundreårsskiftet opplevde distriktet her ei ny uttømming av den Heilage Ande. På mange måtar likna det på hendingane omkring 1890. Folk kunne m.a. riste under Guds kraft. Det skjedde lækingar, profetisk tale og tungetale. Det kan sjå ut for at dette har følgd kristenflokken meir eller mindre samanhengande frå før 1890 og fram til i dag. Mellom 1900 og 1902 skjedde det mykje, og dei store «enhetsmøta» stod sentralt i folks opplevingar. Dei var ikkje berre eitt, men dei kjende seg også eitt i ånda. Mange kunne virke saman som ei fullkoma eining, slik Jesus bad om "for at dei kan vere eitt, slik som vi er eitt." På denne tida var det heile bygdelag i Volda der det var sjeldan å finne ein ungdom som ikkje var frelst. Det vart vanskelegare å stå utanfor enn å gå med i flokken. Det kom då sjølv sagt med fleire som ikkje hadde same opplevingane. Denne flokken drog på stemne på heile Vestlandet, og til dels leigde dei egne dampskip. Det var ei oppleving både for unge og eldre. I desse straumdraga var det så mykje som skjedde, at somme nok forsømde sitt personlege trusliv. Det vart for lite ro til eiga oppbygging og modning. I nokre møte som Ulness hadde på Folkestad bedehus, var det somme som kjende seg så fylde av Guds Ande at dei dansa bortover golvet. Mindre grunnfesta kristne trudde dette var ein vanleg dans, og desse tok til å danse etter vanlege kjøtlege danseformer. Då dette heldt fram med uendra styrke,

førde det til uro og omsider ei ny deling i flokken. Skiljet kom mellom Ulness og Birkedal. Birkedal, som var eldste og forkynnar med eit særleg ansvar for flokken i Volda, tok opp pungen, gav Ulness reise pengar og bad han dra. Det var «dansen i ånda» som skapte skiljet. At ein person kan oppleve Gud så kraftig at han opptrer uvanleg, er vel kjent. Problemet oppstår når alle må oppføre seg likt for å verte godtatt. Ein øydelegg då mangfaldet i Guds rike. Emna til å snakke ut og sette ting inn i sin rette samanheng synest ikkje heller alltid å vere overutvikla i slike situasjonar. Så hende det diverre at fienden av Guds folk «djevelen», atter greidde å dele flokken.

LÆRAR PEDER E. P. HJELLE OG PRIVATSKULEN FOR DEI FRIE

Grytten og Molvik vart som kjent frådømde retten til å vere lærarar av Weenaas. Det vart då uråd å vere lærar om ein var med i den frie flokken. Hjelle var fyrst i Balestrand og seinare i Dalsbygd som lærar. Han vart vald som diakon i Indremisjonen for Dalsbygd. Etter ein periode i Eidsvåg, kom han atter til Volda og Dalsbygda som lærar. Fram til våren 1896 var han lærar i Dale og Dravlaus skulekrets. Han går med i den frie flokken, og skulen vert stengd for han. Alt nokre år tidlegare, hadde han i avisa opplyst at han tok i mot privatelever frå 6 år og oppover. Han skulle ha 2 kr pr. mnd. for det. I 1896-1903 vart han privatlærar for familiane Sivert Helset, Sivert Birkedal, Daniel Birkedal og Knut Kile på Bjørkedalen og Kile. Her hadde dei i alt 11 born. I Høydalen (1899-1907) var han lærar for familiane Martinus Høydal, Lars Høydal og Hans Rusten. Her hadde dei i alt 15 born. I Dravlaus (1896-1905) var han lærar for familiane Ola Løvik, Ola Hjelle, Hans Lyngnes, Jakob Aksnes, Petter Løvik og Lars Drabløs. I alt 35 born. På Ulvestad/Sætre (1896-1903) var han lærar for familiane Elias Ulvestad, Andreas Tilset, Johan Haugen, Anders Stigen, Knut Birkedal og Knut Gjøsdal, i alt 20 born. Undervisninga var som på omgangsskulane. Vi finn

ikkje at nokon mellom dei frie prøvde å gjere denne skulen betre enn den vanlege folkeskulen. Det var i kristendomsundervisninga skiljet gjekk.

«JUBLARANE», DEI SOM DANSAR OG JUBLAR

Når Ulness drog frå stemnet på Folkestad, slo han seg i lag med ein flokk som var frå Løvika. Samtalane gjekk livleg den hausten. Johan Fosse drog frå hus til hus og snakka med brørne på Folkestad, i Høydalen og på Førde, men tapet var eit faktum. Dei kreftene som skulle vere ei eining vart spreidde. To svake flokkar stod igjen. No var det ikkje berre i Volda at det skjedde ei indre deling. Ei slik deling kom over heile Norden. Som ved alle tidlegare og seinare skilje, var det nokon som hadde fått tak på noko dei ikkje ville gi slepp på. Ein gong stod det om fridomen til personleg tru, til fri nattverd, fridom i dåps spørsmålet, og no ein fridom til å prise Gud i dans. Seinare kjem vi til det neste store skiljet. Det kom i 1920. Det var då spørsmål om fridom til å ha ulike nådegåver. Gud har skapt oss ulike for at vi til saman skal vere ei fullkomma eining. Alle har vi likeverdige utrustingar i Guds rike. Eit ord i Jakobs brev fortel gjerne betre kva om kva vi kan oppleve som einskildpersonar (Jak. 5:13-16):

Lid nokon av dykk vondt, han bede! Er nokon ved godt mot, han lovsyngje! Er nokon av dykk sjuk, han kalle til seg dei eldste i kyrkjelyden, og dei skal be over han og salve han med olje i Herrens namn, og den bøna av tru skal hjelpe den sjuke, og Herren skal reise han opp, og har han gjort synder, skal dei verte han forlatne. Sanna difor syndene for kvarandre og be for kvarandre, så de kan bli lækte. Rettferdig manns bønn har stor makt i sin verknad.

Vi kan sjå at det heile heng nøye saman, og vi må difor ikkje la spesialitetane våre verte normgjevande for alle. Om vi det gjer, vil vi lett misbruke makta vår og stengje personar innanfor eller utanfor det gode lag. Vi skal no sjå vidare på dei kristne som var så glade til sinns. Det var ein ting dei ikkje ville misse, det var retten til å prise Gud i dans. No rådde dei grunnen sjølve, og det heile vart for einspora. Ulness heldt fram å kome til Volda, og han gav ut bladet sitt fram til han døde i 1937. Han fekk fleire nye medarbeidarar, og det var nok ei jamn utvikling i det som gjaldt læra, bort frå det dei tidlegare stod for. Knut Røhr-Staff (1875-1935) var songforfattar og utgjevar av songboka «Jubeltoner». Ei tid var han redaktør i «Det frie ord». Han har skrive mange åndelege songar som vert brukte både i «Schibboleth» (frie vener) og «Evangelietoner» (pinsevenene) den dag i dag. Ein annan som var her mykje og som kanskje farga «Jublarane» sitt syn meir og meir, var dr. Phil. P. S. Wedell. I Volda vart han berre kalla «Grev Wedell», og han var ein svært pen og sjarmerande mann. Han var dansk og av greveslekt. Han voks opp ved det danske hoffet og var barndomsven av kong Håkon. Etter å ha studert filosofi, ville han ikkje ha grevetittelen lenger. Han byrja då å spreie læra si i bøker og hefte, og denne forkynninga kalla han «Den frie teologi». Torbjørnsen og Tønnesen heldt også fram med å kome. Christian A. Madsen (dansk) med tilnamnet «Nordlandsapostel», bad for sjuke. Det har blitt skrive og fortalt mykje rart om dei «fri-frie», og til mindre erfaring og innsikt forfattaren hadde i det personlege kristne åndsliv, til verre vart det. No vart det ikkje bygt noko kyrkjesamfunn rundt dette samfunnet, så etter kvart som sentrale leiarar døde før krigen, var også tida ute for store stemne og samlingar. Dei kunne i si tid reise heilt til Danmark på slike samlingar. Det finst einskildpersonar også i dag som har rota og trua si frå synet til «Jublarane». Læra slik den vart i ein sum: «Gud skulle vere alt og gjere alt uden noko som helst hjelp med seg. Menneske var heilt ute lukka frå all væren og gjæren». Då var jo alle frelste og kom til Gud og ei personleg sjelevinning vart unødvendig. I livet kunne ein då ta det lett, for alle kom frå Gud og alle kom tilbake til Gud.

«BETLERNE» ELLER DEI SOM BAD

Flokken rundt Birkedal, hadde fått nok ei sår deling. Hadde dei før vore aktiv i den åndelege leiinga, vart dei no meir alvorlege og forsiktige. Delinga måtte ikkje få hende igjen. Indremisjonen og Kinamisjonen som no var over brotet i 1893, hadde kome til krefter igjen. No kom rike tider med Ludvik Hope, og i 1904 med pastor August Dahlbäck frå Mora i Sverige. Han kom til Volda den 4. desember og hadde møte også på bygdene. Etter eige ynskje kom han tilbake i mai 1905. Mange vart vunne for Kristus og i Austefjorden vart heile ungdomsflokken forandra. Han var ein tur i Volda i 1922, mellom anna for å møte sine venene sine frå 1904-05. Han var no lærar ved ein predikantskule i Finland. Det var fleire gode sider ved han. For det fyrste følgde det ei mektig åndsmakt med han. Han talte slik at ingen var i tvil om kva han ville ha sagt. Til slutt kunne han i ettermøtet be heile forsamlinga bøye kne. Vekkinga heldt fram i 1907 med Johannes G. Jensen og Sigvard Engeset. Engeset talte i tunger frå preikestolen i gamle Volda kyrkje. På bedehuset var det fulle hus og mange fann liv i Gud. Ein ny glød kom over kristen flokken. Her i Volda sentrum vart Vikebygda ein sentral plass i tida som kom. Mange av dei som no kom til tru på Gud ved møta i Volda bedehus «Zion» og i kyrkja, søkte saman til bøn og oppbygging. Slik fekk dei også kontakt med den frie del av flokken. Ein av dei stadene folk møttest, var hos Hans på Skjerva. Han brukte både hovudhuset og vart det mange, løa. Det var også samlingar hos Jakob K. Dalberg Heltne (1859-1950) på Kolbeingarden. Her var det husmøte som det går gjetord om den dag i dag. Likeins hos Johanne Rotevatn, Hans Vassbotn og Jakob K. Heltne (1880-1963) på Holen i Vassbotnen. Kona var dotter til Rasmus K. Vadstein og ho voks opp i den frie flokken. Då huset på Holen vart fullt, fekk dei låne ei røykstove av Peder M. Vassbotn (1849-1932). Han var diakon i Indremisjonen. Røykstova stod tom og var eit stort rom. Her virka Gud gjennom nådegåvene sine. Mest virka tungetalen, og mange tok truande dåp på Årneset i Rotevatnet. Her vart bustadhusa for små, og planane om eit nytt fritt bedehus i sentrum tok form.

EIT FRITT BEDEHUS MED NAMNET «BETEL» (1911-1973)

Frikyrkjemannen Sivert R. Bakke (1888-1971) skreiv følgjande skriv:

Kollosserbrevet 3 kapittel, vers 16-17.

Me hev i lang tid sakna sårt eit forsamlingshus her på Øyralandet til å kunne samlast i med brørne som kjem til oss, sådane som hev eit annorleis ljøs på ymse ting ein dei statskyrkjelege. Av den grunn er det vel og at bedehuset her hev som oftast vore stengt fyr oss. Me trur at Øyralandet hev gått glipp av mykje velsigning av den grunn. Det er difor vår bøn til brødre og systre her omkring i Volda til å hjelpa oss med å få upp eit forsamlingshus. Huset so me tenkte å byggja kom til å kosta over 2000 kroner. Då me ikkje hev von om å kunne få so stor stødnad, at me kunne byggja huset noko lunde skuldfritt, so var vort ynskje helst om ein vilde tekna seg for eit fast årleg tilskot og på den måte kunne sikra oss rentene. Tilskot kan betalast tvo gonger om året. Til avdrag tenkte me å samla inn på møta og elles på andre måter. Love fyr huset hev me inkje tenkt å hava, men overlate til fire fastbuande menn her på Øyralandet å styre med huset. Til desse 4 menn hev me tenkt skulde vera: Peder Hjelle strikker, Jakob Dalberg Heltne, Syver R. Bakke Heltne og Hans S. Halkjelsvik. Når nokon av desse måtte gå eller vilde gå ut, so valde dei so stend attende ein ny i staden. Eit bidrag og ein gong for alle er og anledning til å tegne seg og vil vore mottekje med takk.

Eit årleg bidrag inn til vidare:

Hans S. Halkjelsvik kr. 10, Fredrik Karlsen kr. 5, Sivert Bakke kr. 5, Ingeborg Haaskold kr. 5, Peder O. Ytrestøyl kr. 5, Jakob K. Heltne kr. 5, Arne Høydal kr. 3.

Dei som vil gjeva eit bidrag ein gong for alle:

Hans Vassbotn kr 10, Emil Pedersen kr. 5, Ole Hagen kr. 5, Jon Hagen kr. 5, Peder Rønnestad kr. 5, Jon D. Aasebø kr. 5, Hans Aasebø kr. 5, Anders P. Kromsvik kr. 5, Hans Reite kr. 5, Peder J. Fjøsberg kr. 5, Jakob Fjøsberg kr. 5, Rasmus S. Straume kr. 10 Ole M. Kile kr. 5, Knut O. Kile kr. 5, Ole S. Kile kr. 5, Jakob A. Mjeltevik kr. 5, Martinus H. Høydal kr. 10, Lars O. Høydal kr. 10, Lars A. Høydal kr. 5

TOMTA OG HUSET

Tomta til «Betel» var eit stykke som var kalla «Liden» og kom frå Hans S. Halkjelsvik. Han skulle ha kr. 16 pr. år i leige. No var Hans ein mann som gav meir til Guds sak enn han kravde. Slik ville korkje Hans eller sonen Sigurd ta imot betaling for grunnleige. Begge såg «Betefolket» som sine egne. På tomt, mur, omn og utvendig kledning vart det dugnad. Huset vart 7.40 m. breitt og 10.40 m. langt. Eit tilbygg på 3.20 m. gongar 6.40 m. Ansvarleg for resten vart Sivert J. Gjersdal (1871-1941) og Edvart M. Gjersdal (1874-1932) for ein sum av kr. 2420. Kontrakten av 31-8-1911 seier: Huset skal vere ferdig avlevert byggherren 1-11-1911. Den 5. november vart det innviing. Vener frå Ålesund og til Bergen møtte opp. Predikantar i fulltidstjeneste som var til stades: Johannes Hedin, Oskar Karlsen, Harald Fosse, Edvart Pedersen og Mathias Støve. Leiarane frå staden talte også. Nils Devold sende telegram. Møtet starta kl. 11 og medrekna ein kaffipause heldt dei på til kl. 20 (8). Dei hadde lån i Volden og Ørsten sparebank på kr. 3400. I mange år var økonomien vanskeleg, men dei gav ikkje opp. Husstyret var samansett av Hans S. Halkjelsvik kasserer (metodist), Sivert R. Bakke (frikyrkje/metodist\baptist), Jakob K. Dalberg Heltne (statskyrkja) Peder Hjelle vart ansvarleg for innsamlinga til misjonen. Huset hadde frå starten innlagt elektrisk lys. Det var det fyrste forsamlingshuset i Volda med innlagt elektrisitet. I 1925 vart huset

måla utvendig og i 1927 innvendig. Ein fekk då følgjande innskrift på veggen: «*Hav tru til Gud*». I 1940 vart det også lagt inn kraft til varmeomnar.

BRUKEN AV HUSET

Betel var eit ope hus for dei beste frittstående forkynnarane som reiste rundt. Det kunne kome fleire samtidig. Ingen vart bedt særleg om å kome. Dei kom minna av Anden. Når det var fleire samstundes, så virka ein på Kile, ein i Austefjorden, ein på Folkestad og ein på Sætre. Dei gjorde turar til Sykkylven, Vanylven, Ålesund, Nordfjord og Sæbø. Det vart tider med vekking og tider med lite folk. Vi finn eit rikt kristenliv i tida rundt fyrste verdskrigen. Straumen med vitne frå andre land heldt fram. Fyrst og fremst kom talarane frå dei nordiske landa, men også frå dei Britiske øyane. Det var eit aktivt misjonsliv med innsamling av midlar til misjonærar i alle verdsdelar. I 1912 fekk flokken sitt fyrste misjonærpar. Marta og Mathias Støve reiste ut i Kavirondomisjonen i Afrika. Vi kjem tilbake til det seinare. Før ti år hadde gått kom det ei ny splitting i flokken. Vi må ta ei avklaring om den før vi går vidare.

«ÅNDSDÅPSVEKkingA» OG «BIBELSKE MENIGHEITER»

Lærdomsværet som T. B. Barratt (1862-1940) hadde med seg til Noreg i 1906 fekk innverknad også i Volda. Det som var nytt for oss i Volda var at tungemålgåva vart gitt ved handspålegging. Det at nokon talte i tunger var ikkje nytt, men at dette var noko meir enn andre nådegåver, ja, eit skilje mellom frelste og ufrelste, det var både nytt og skremmande. I 1909 kom Emil Pedersen hit. Han var ein enkel maskinist frå Tønsberg som hadde opplevd Guds kraft i livet sitt. Saman med han kom målaren Edvart Pedersen frå Ålesund. Fyrst kom dei til Folkestad, der dei bad for ein sjuk mann. Han vart frisk med det

same og stod opp og følgde dei inn i Austefjorden. Då det vart kjent at dei bad for sjuke, fortalde dei om ein mann fram i dalen som hadde ligge sjuk lenge. Dette med læking var vel kjent her. Desse tre for fram og bad for mannen. Han vart frisk og kom ned til møtet, og der fekk han tungemålgåva. Mange vart redde, men neste kveld vart det likevel fullt hus. Mange kom berre for å sjå om det dei hadde høyrte i bygda var sant. Det skjedde store ting. Heile kristen flokken var samla. Etter ei kort tid vart mange over bevist om truande dåp. Ein dag vart 15 stykke døypt i vatn. Dette var ikkje noko nytt, så flokken i kyrkja og Indremisjonen var med på møta. Dei var både i kyrkja, skulehusa og i heimane. Men kor lenge skulle framgangen vare? Når Gud verkar sit Djevelen aldri i ro. Ut etter året vart det eit nytt skilje i flokken då «nokre» av dei tungetalande sa: *«berre dei som har fått åndsdaopen, eld- dåpen og tungetalen har del i Jesus. Dei som ikkje har det, går fortapt»*. Mange innan kyrkja tok avstand frå denne vranglæra, men dei tok ikkje avstand frå Emil Pedersen. Det var helst umodne i kristen flokken som brukte den nådegåva dei hadde fått til å sjå ned på dei andre. Barstad var no ein tur inn i Austefjorden og heldt ein bibeltime om tungetale. Kyrkjias folk vart meir forsiktig etter dette og stengde seg for tungetalen. Det førte til nye oppdelingar i flokken og fekk dermed ei negativ verknad for fleire. Vi må her minne om at det ikkje var Gud som tok feil her. Gåva var ekte og rett nok. Men greidde vi å vere audmjuke og takknemlege? Den frie flokken brukte songboka til Erik Andersen, «Schibboleth» (1895-) og bladet hans, «Det Gode Bodskap» (1904-). Mange heldt også framleis bladet «Missionæren» (1888), eit tidlegare frimisjonsblad, men no utgitt av C. M. Seehuus. Frå 1908 var han forstandar i ei fri pinseforsamling. Barratt sitt blad «Byposten» skifta i 1910 namn til «Korssets Seier». Frå 1911 kom han også med si eiga songbok «Maran Ata». Barratt var enda metodist, men i 1913 vart han døypt som truande med full ned dykking. At dette vart ein vanskeleg avgjerd veit vi av at han og Laura kona hans, måtte dra heilt til baptisten Levi Petrus (1884-1974) i Stockholm for å verte døypt. Der kunne dei verte døypte utan å verte lagt til menigheita. Det var same praksisen som dei frie hadde praktisert i mange år, å

døype til Kristus. Vi nemner her at Petrus i sin ungdom vart påverka av dei frie vener i Lillesand og opplevde «åndsdåpen» sin der i 1902. Med bakgrunnen sin som metodistpastor, går Barratt i 1916 via allianse linja over til å ordne forsamlinga si i Møllergata 38 etter «*Bibelsk mønster, samansett berre av truande døypte som var einige i pinseforkynninga*». Den som ikkje såg det på same måte vart no stengd ute frå det indre livet i forsamlinga. Veggen inn vart som i statskyrkja, ved dåpen. For dei som ville ha full trusfridom for alle kristne og eit fellesskap ope for alle, vart dette ei dør som stengde seg.

PINSEVENNENE KJEM TIL VOLDA

Når vi no skal snakke om pinsevenene, tenkjer vi ikkje på dei som trudde på forteljinga i bibelen om pinsedag som kyrkjens fødselsdag. Vi tenkjer heller ikkje på dei som trudde på nådegåve utdeling mellom dei kristne. Vi tenkjer derimot på den læra som seier at «*Vi må danne bibelske menigheiter av ånds døypte og truande døypte*». Ei utskiljing av det ekte som Gud stadfestar ved å gi dei tunger som teikn på «åndsdåpen», eit skilje som Gud sjølv stadfesta. Alle måtte få teiknet i kontrollerte former med godkjende vitne til stades. Vranglæra om at berre den som tala i tunger hadde Guds ande og var frelst, dukka no opp på ny. Også denne gongen kom overtrampet frå umodne kristne som hadde fått tungemålsgåva. Mange av desse hadde diverre også leiaransvar i pinserørsla. Den dag i dag har denne læra sine talsmenn både i pinse- og frie- forsamlingar. Det kom også dei som sa om seg sjølv: «*Eg er ånds døypt, eg kan ikkje ta feil*». Frå 1919 starta Barratt bibelkurs. Der forma han ein heil flokk av unge vitne med læra si: Start bibelske kyrkjelydar på kvar stad. I 1919 var mange frå Volda på stemne på Voss. Der kom læra i fulle drag. Det skapte sterke reaksjonar hos mange voldingar. Ein som Barratt tykte mykje om på stemnet, var Karl Bergfjord (1885-1952), misjonær i Kina for Kinamisjonen. På veggen heim frå Kina reiste han gjennom Amerika og fekk der oppleve «åndsdåpen» sin. Nokre unge menn frå Volda reiste i 1920 på

fire vekers bibelkurs hos Barratt. Etter det kurset var det også i Volda krefter som virka for danning av «Bibelske menigheiter». I februar 1921 kjem kravet: Vi må vere bevisste om kven vi høyrer til. Vi skal vedkjenne oss som pinsevener når vi melder oss ut av kyrkja. Vi forlangar også at songboka vår «Maran Ata» skal brukast i møta. Huset vårt «Betel» er ikkje lenger eit fritt og ope bedehus, men det er eit hus for pinsevennene. Vi må halde klart for oss at bedehuset i Volda sentrum frå starten var eit ope og fritt hus. Det var styrt av husstyret på tre mann. Av dei hadde Sivert Bakke gått frå frikyrkja over til intet samfunn. Seinare døypte han seg som truande og gikk inn i «Menigheten av troende og døypte kristne i Bergen». Gikk så ut og stod no fritt. Han var no på veg over til pinsevennene sitt syn. Hans Halkjelsvik døypte seg som truande i 1921 og vart då også utmeld frå metodistkyrkja. Han også stod fritt. Jakop Heltne melde seg ut av statskyrkja 1921 og stod fritt på det gamle synet. To menn som særleg prøvde få venene i «Betel» til å gå over til Barratts syn, var Karl Bergfjord og Laurits Kvalsvik (1867-1943). I 1921 vart fyrste pinsekyrkja i Volda stifta i «Betel». Flokken vart no delt i to, men i felles hus. Det vart kamp i tida som følgde.

«SCHIBBOLETH» ELLER «MARAN ATA»

Fyrst vart det kamp om songboka. Dei som heldt med Barratt, ville bruke «Maran Ata» og nekta å syngje ut av «Schibboleth». Ein måte då finne songar som stod i begge bøkene og seie opp nummera i begge. Dette vart det vanskeleg å leve med. Det då sagt at om no alle brukte «Maran Ata» på møta skulle det bli ro utan fleire krav. Dette vart lova, og frå 1921 til 1935 hadde både frie- og pinsevennene same songbok. Frå 1935 til i dag har dei frie brukt «Schibboleth» i møta, men mindre hefte vert ofte brukt ved stemne, fellesmøte og teltmøte. I 1935 var det avstemming om ein skulle byte ut «Maran Ata» med «Schibboleth» på «Betel». Ein stor del i flokken ville halde fram med «Maran Ata», då dei ikkje kjende til

noko anna bok. Dei tapte avstemminga. Den flokken som i 1926 forlét Betel og bygde sitt eige hus, «Eben Eser», skifta i 1979 til songboka «Evangelietoner».

KORSETS SEIER, DET GODE BUDSKAP, ELLER MISSIONÆREN ?

Vi veit kva påverknad det skrivne ord kan ha. Dei som ville vere heilt orientert heldt alle tre blada, Korsets Seier, Det Gode Budskap og Missionæren. Kanskje stod Missionæren sterkast ei tid. Både C. M. Seehus og sonen Rein Seehus hadde god inngang i alle leirar i Volda. Alf Kaspar, for oss betre kjend som Kasborg, var syskenbarnet til Rein og reiste saman med desse. Seinare tok han over ansvaret som redaktør til bladet gjekk inn 1957. I Volda heldt mange bladet heilt til siste slutt. Då «Betel» starta søndagsskule i 1925, før den tid vart det kalla barnemøte, heldt dei barnebladet «Tusenfryd» utgitt av C. M. Seehus. Frå 1933 til i dag er «Barnerøsten» brukt. Det vert no gitt ut i Volda, og redaktør er Solveig Andås. «Det Gode Bodskap» hadde sine lesarar. Spalta «Frå dag til dag» av Nordquelle vart ofte lest fyrst. Vi kan ikkje seie at Nordquelle hadde noko avgjerande påverknad på utviklinga i Volda i denne perioden. Han hadde størst inngang rundt hundreårsskiftet, men han var ein skatta forkynnar når han var i sine beste år. Mellom 1897 og 1936 var han mange gongar i Volda, mest i den fyrste tida. Mathias Støve var redaktør i Det Gode Budskap frå 1948-1964. Korsets Seier er framleis pinsevenene sitt blad.

«BETEL», FORSAMLINGSHUSET TIL PINSEVENENE ELLER EIT FRITT BEDEHUS?

I «Betel» vart skiljet frå 1920 etter kvart forsterka. Det vart halde møte for å få ei avklaring. Det vart vedteke at pinsevenene og dei frie venene skulle ha råderett over møta i huset kvar si veke. Det gjekk bra ei tid. Somme gjekk på alle møta, men det vart også halde møte på bygdene samtidig som det var møte på «Betel». Hausten 1921 kom det så eit nytt forsøk frå

pinsevenene på å få full råderett over huset. Då det ikkje gjekk, forlèt flokken «Betel» for ei tid og leigde forsamlingshuset «Framhald» til møte sine. Etter ei kort stund kom dei tilbake og bad om at avtalen om kvar si veke måtte verte gjeldande igjen. Det vart innvilga, og slik vart det til 1925. Den hausten vart det den 10-12-1925 ei omorganisering, og ei ny pinseforsamling vart stifta i «Betel» med 21 medlemmer. I november 1925 heldt Rein Seehus ein bibeltime om menigheita, slik pinsevenene såg den i skrifta. Mange frå begge flokkane var på møtet, men skiljet vart klart ved at Seehus offentleg gjorde kjent at «*det til mandagsmøte var adgang kun for «medlemmer» og sådanne som ville melde seg inn i den nye menighet*». Når dei andre vart stengde ute frå brødsbrytinga i «Betel» var det ingen veg tilbake. Den nye pinseforsamlinga «Betel» fekk som forstandar og leiande eldste Sivert Bakke. Til eldstebrør vart valde Bergli Solstad (1895-1979) og Knut Eiken (1894-1970). Den andre flokken hadde i 1922 valt nye eldste. I Volda finn vi berre to eldste valt før den tid: Knut Birkedal som døde i 1918 og Sjur Strømme som i 1922 var nesten nitti år. Vi er ikkje sikre på namna til alle dei andre eldstebrødrane, men nemner for Austefjorden, Magnus K. Bueide (1867-1949) og Sivert E. Løfoll (1880-1967). For Høydalen, Martinus H. Høydal (1864-1944) og Elias H. Rusten (1891-1975). For Folkestad: Anders P. Krumsvik (1868-1959), Kristian E. Folkestad (1866-1960) og Hans A. Åsebø (1868-1946). I Dalsfjorden : Johannes Nakken (1863-1945).

BESTEMMER GUD ELLER MENNESKE KVEN SOM HØYRER MED I KYRKJELYDEN/ MENIGHEITA ?

Her i Volda vart det ikkje gitt rom for eit fritt kristenliv innan Statskyrkja eller Indremisjonen. Frå 1893 var desse dørene stengde. Det var likevel framleis samarbeid med dei friare krefter innan den lutherske kyrkjeverda. Det er eit paradoks at der det var god plass for personar som forneakta Gud i både liv og lære, der vart dei som tok kyrkjas lære på

alvor opplevd som eit problem. No var det ikkje alle som personleg melde seg ut av statskyrkja. Somme berre gjekk mellom dei frie kristne heile sitt liv. Mellom dei som måtte melde seg ut, vart det skapt ein djup motstand mot å binde seg til nye samanhengar der dei kunne verte utsette for overgrep av dei som sat med makta. På den tida fanst det ikkje noko folkeregister som i dag. Det einaste registeret som fanst var kyrkjeboka. Mange fekk difor problem med å få seg papir når dei t.d. skulle til sjøs eller gifte seg. Mange melde seg difor inn att i kyrkja berre for å bli gift. Det kunne også frå personar innan statskyrkje kome uttrykk om at «Heidningane» ikkje fekk kome i vigd jord. Dette var eit forsøk på å stengje dei ute frå kyrkjegardane. Borgarleg vigsel var vanleg i Volda frå 1895. I dag har det vorte ordna opp i slike vanskar, men det har ikkje kome av seg sjølv. Nokon har kjempa det fram. Mellom forkjemparane har vi leiarane innan den frie rørsla.

Noko av kampen i 1920 åra gjekk ut på om ein skulle ha medlemslister i dei frie flokkane. Dei frie ville ikkje tilbake til statleg kontroll, ei heller det som møtte dei i Indremisjonen, kontroll frå ein organisasjon der ei gruppe kunne bestemme kven som var rettruande og kven som ikkje var det. Dei var difor ikkje uventa at dei frie reagerte negativt på organiseringa av pinsekyrkja. Vi skal no sjå på kva punkt i pinsevenene si lære som møtte størst motstand mellom dei frie i Volda.

PINSEVENENE SITT SYN PÅ KYRKJA/MENIGHEITA OG REGISTRERING AV MEDLEMMER (1925)

Vi skal innleiingsvis sjå på eit foredrag halde på «Betel» 29-11-1925 av Carl Rein Seehuus (1900-1975.) Sivert Bakke skriv i Møre m.a.: Joh. 14. 23-24 : «*Om nokon elsker meg (Jesus) då held han mine ord. Den som ikkje elsker meg, held ikkje mine ord*». No var det nokon som ikkje kunne godta læra som Seehuus forkynte. Her skal vi sjå på innhaldet i ei forkorta utgåve:

HOVUDKRAV TIL LEIINGA

Ingen kan innsetjast som tillitsmenn i kyrkja utan å vere døypt i den Heilage Ande og eld. Teiknet på det er tungetalen.

LEIINGA

Forsamlinga skal ha ein eller fleire forstandarar, hyrdar, eldste eller tilsynsmenn som vart valde ved handsopprekking eller med stemmesetlar. Dei som blir foreslått og får mest stemmer skal prøvast. Dei som står prøva, må akseptrast av heile kyrkjelyden. Dersom nokon ikkje vil akseptere eldstebrødrane, skal dei støytast ut av menigheita eller nektast medlemskap.

TJENARSKAP

Tenarar eller tenarinner skal også vere ulastelege, men det vert ikkje kravt av desse at dei skal vere i stand til å lære andre. Dei skal likevel vere fulle av tru og eit reint samvit. Ein av desse vert valde til kasserar, og ein til sekretær.

PENGEINNSAMLING

Pengeinnsamlingar skal vere heilt frivillige. Ein praktiserer broderleg likskap etter økonomisk evne.

MØTA

Utanom dei evangeliske møta, samla ein menigheita til menigheitsmøte ein gong i veka. Her vart det avgjerder som hadde med arbeidet å gjere, og det var også oppbygging etter

som Anden leidde. Her braut dei også brødet saman (nattverd). Den var med andre ord berre for medlemene. Alle udøypte og annleis tenkjande kristne måtte fyrst lyde Guds ord før dei fekk vere med på nattverden.

INNSKRIVING

Når det var mindre enn ca. 10 medlemmer, var det ikkje nødvendig med innskriving. Dersom det var fleire enn 10, må forstandaren ha alle namn og adresser. Grunnane som var brukte var følgjande: 1. Menigheitesmøta er berre for medlemer. 2. Skal ein øve tilsyn og omsorg, må det vere lett å finne dei som ikkje kjem på møta. 3. Utøving av menighetstukt. 4-7. Halde rekneskap med veksten, som i Apostelgjerningane. Gud har namneliste, då må vi også. Namneliste gjer det enklare å halde orden.

KRAV TIL MEDLEMER

Tru på Jesus og verte døypt. Gjere opp all urett mot medmenneska. Ikkje vere forlova med ein vantru eller gift med ein fråskild medan ektefellen lever. Ein må vere samd i apostlane si lære.

OPPGÅVA TIL MENIGHEITA

Menigheita si hovudoppgåve er å vinne syndarar og sende ut vitne. Ein skal elles byggje opp menigheita og hjelpe trengande.

«EBEN ESER» PINSEFORSAMLINGA SITT FORSAMLINGSHUS I VOLDA (1926- 1986)

Våren 1926 kjøpte pinsevenene ei arbeidsbrakke i Åmelfoten. Det var ein tønnefabrikk som gjekk konkurs. Brakka var på tre etasjar og var oppdelt i firemannsrom. Det var mykje fin panel, dører og vindauge i bygningen. Prisen var 4000 kr. Den vart riven og sett opp att i Volda. Tore Fremmerlid (1894-1990) teikna huset og stod ansvarleg for bygginga. Han var tømmer- og bygningsmann, men også ein mykje brukt evangelist og talar. «Eben Eser» stod ferdig til innviing 5-7 november 1926. Vi har sett ei utvikling frå ein spe start i 1921 som pinsemenigheita i «Betel» til i 1926 pinsemenigheita i «Eben Eser». Fyrste forstandar var Sivert Bakke (1925-1929). I 1929 vart menigheita offentleg registrert og fekk m.a. vigsels rett. Bergli Solstad vart samstundes ny forstandar. I 1937 får dei sin fyrste lønna forstandar, tilkalla utanfrå. Vi skal ikkje her prøve å skrive historia for kyrkjesamfunnet Pinsevenene i Noreg der «Eben Eser» er ei sjølvstendig menigheit. Vi vil berre nemne kort at forsamlinga er i full verksemd i 1993. Flokken har auka frå 21 personar i 1925 til nesten 240 personar i 1993. Venene fekk i 1986 eit nytt stort «Eben Eser» på same tomte som gamle «Eben Eser» stod. Forsamlinga vert i dag leia av eit eldsteråd. Ein av dei er ein tilkalla, løna forstandar i fulltids teneste. I 1973 vart Kari Holte (1947) frå Folkestad innsett til misjonsteneste i Japan. Ho var der i vel 4 år. Tore Fremmerlid virka som evangelist i Noreg og i Amerika. Begge desse har bakgrunn frå dei frie kristne, men til høyrde «Eben Eser» i Volda.

«BETEL» ETTER BROTTET MED PINSEVENENE. FRAMLEIS EIT FRITT HUS?

I 1923 døde Hans S. Halkjelsvik av kreft. Han var kasserar og kausjonist for huset «Betel» frå 1911 til han døde. Han ynskte Ragnvald L. Engeset (1897-1977) som sin ettermann, og han fekk ynsket sitt oppfylt. Engeset var kasserer til 1975. Det vart vanskelegare med økonomien til huset etter skiljet. Bakke forlét husstyret og det vart ikkje valt nokon ny i hans stad. Kursen går vidare med forkynnarar frå alle leirar. Mange av dei var pinsevener.

Dei heldt likevel fram med å kome til Betel og kjende seg heime der. For mange var det eit kunstig skilje som hadde funne stad. Før vi ser på arbeidet som har vore drive i huset, skal vi dra linja vidare. Sjølv om «Betel» er eit fritt hus, vert venene meir og meir knytte til det som i 1958 vert kalla «Dei frie Evangeliske Forsamlingar i Norge». I dag (1993) kallar forsamlinga seg Den Frie Evangeliske Forsamling «Betel», Volda. Forsamlinga bygde nytt «Betel» i 1973.

FORKYNNARAR OG MISJONÆRER SOM BESØKTE VOLDA 1905-1930

Vi har ikkje namna på alle som har vore i Volda denne perioden, men vil likevel nemne nokre. Vi veit i alle fall at følgjande personar har virka i Volda regionen i denne tida: E. A. Danielsen frå Finland, Anton Berntsen Stokseth frå Gjerdsvika og Martha og Mathias Støve. Karl og Borghild Kjøsterud, Agnes Thelh, Hilma Karlsson, Margrethe Dørum, Hilda og E. Joh. Christiansen, Inga Johnsen og Signe Pedersen, Amanda og Frank Desmont, Ruth E. Pedersen, Andreas Wangberg, Laura Strand, Sigurd Grønvold, Pearly Gulbrandsen. Gitta Grytten, Ingvaldsen, Erik Andersen Nordquelle, Emil Pedersen, Edvart Pedersen, Oskar Karlsen, Johannes Hedin, Dorthea Klem, David Mac Murdo, Harald Fosse, Olav Frodesen, Tobias Finsdal, Severin Larsen, Gurid Nilsen, Petra Dragsund, Thea Andersen, Mads K. Kleppe, Johan Olsen, L. K. Oterbeck, Toralf Gulbrandsen, Peter Relling, Josef Nystrøm, Berta Sætre, Jenny Magnussen, Amanda og G. Knutsen, J. A. Rømmer, Ole Kjelaas, Einar Karlsen, Demanda Eilertsen, Marie Haga, Ester Pettersen, Jørgen Dammen, Albin Gustavson, Oskar Halvorsen, Arthur Cornelius, Willy Rudolph, Thor Sørlie, Magnus Åsen, Rein Seehuus, C.M. Seehuus, Alf Kaspar (Kasborg), Johan Magnussen, Linus, Trinnerud, Signe Toresen, Thorvald Johannesen, Kvebeck, Eimar Olsen, Tollef Skouge, Laurits Kvalsvik. Der er heilt sikkert mange vi har gløymt m.a. alle dei lokale talarane: Knut Birkedal, Peder E. P. Hjelle, Hans Rusten, Tore Fremmerlid, Gunnar Knutsen, Sjur Straume,

Martinus H. Høydal, Lars O. Høydal, Hans Halkjelsvik, Sivert Bakke, Arne Høydal, Ola Løvik, Jakob Heltne, Anders Krumsvik, Hans Åsebø, John D. Åsebø, Henrik Holsvik, Sivert Løfoll, Jakob Leite, Anders Kalvatsvik. Johan Haugen, Johannes Nakken, Odin Engeset, Elias Rusten, Ragnvald Engeset, Kristian Høydal osv. Det er farleg om vi skulle gløyme nokon, men desse var kanskje mellom dei mest aktive med å vitne. Vi må heller ikkje gløyme Mathias Støve som i seksti år farga Betelflokken med forkynninga og påverknad inga si.

MENIGHEITSLIVET I «BETEL» FRÅ 1926..... BETEL SØNDAGSSKULE 1925-1993....

I 1925 vart søndagsskulen starta av Fru Doris Solstad (1899-1982). Tidlegare vart det halde barnemøte. Då familien Solstad hausten 1926 flytta over til «Eben Eser», tok Kristian L. Høydal (1898-1944), Ragna Kile (1899-1939) og Nutta Nes (1903-1991) over. Søndagsskulen var på søndag ettermiddag kl. 15. Det har veksla med lærarar gjennom åra. Ved 45 års jubileet i 1970 fekk desse diplom frå Norsk Søndagsskuleunion: Alfred Kvernebakk (1897-1980) for 40 år som lærar, Ragnvald Engeset 35 år og Martha Støve 30 år. Andre lærarar var Britt Wetterhus (1906-1994), Sverre Kipperberg (1911-1993), Oline Haugen (1894-1955), Arthur (1929) og Solveig Andås (1930). Mange andre har i kortare eller lengre tid vore med. Den fyrste tida var det mange søndagsskule born. Mange av dei som har leiande posisjonar i Volda i dag har vakse opp på «Betel». Arthur Andås køyrde eiga søndagsskulerute med buss frå 1968 og langt uti sytti åra. Dei siste åra er dei store barnekulla i sentrum borte, og i dag har vi i søndagsskulen berre ein liten flokk under leiing av Betty Andås og Einy Åm.

LEIRARBEID (1954-1993) OG UNGDOMSARBEID (1948-1993)

For 100 år sidan var det ikkje noko arbeid utanom skulen som hadde berre born som målgruppe. Borna var med foreldra sine og trefte slik også andre born. Etter kvart byrja nokre av forkynnarane å samle borna til barnemøte. Så kom søndagskulearbeidet i gang, og det vart meir plan over det heile. Det var då dei lokale kreftene som hadde ansvaret. Når borna slutta på søndagsskulen, opplevde ein ofte at desse forsvann utan å få noko levande tru. Stundom kunne det kome forkynnarar, både kvinner og menn, som hadde syn for dei unge og talte til dei om Gud. Dei unge følte då at dei vart tatt på alvor, og det henda også at mange born vart frelst og kom til eit bevisst kristenliv. I 1925 var det ei slik tid. Gud brukte då Rein Seehuus og Alf Kaspar. Det var då om lag 50 personar som overgav livet sitt til Gud, mellom desse mange ungdomar og born. I 1948 starta Lilly Engeset «foreining» med dei største jentene i søndagsskulen. Dei hadde møte kvar veke og misjonsmøte ein gong i månaden. Pengane som dei samla inn gjekk til skulebenkar på Edwaleni Swaziland. Berre Gud visste at leiaren i «foreininga» ti år seinare skulle kome dit som misjonær. No var leirarbeidet alt i gang på austlandet, og Ragnvald Engeset tok med seg fleire unge voldingar dit. Fyrste ungdomsleiren i Volda hadde Frimisjonen frå Ålesund i 1951. I 1953 var det pinsevenene sin tur. I 1954 flytta Solveig og Arthur Andås frå Oslo til Volda. Dei tok då initiativet til at Betel skulle arrangere sommarleirar i Austefjorden. Den fyrste leiren fann stad 9-15 august og kosta kr. 25 pr. deltakar. Innmeldingane tok Ragnvald Engeset i mot. Møta fann stad i ungdomshuset og maten vart servert i skulekjellaren. Deltakarane overnatta m.a. i Leiteløa og løa til Rasmus Røys på Førde. I 1960 fekk «Betel» eige leirhus i Austefjorden. På desse leirane har det vore mange ungdomar, ikkje berre frå mesteparten av Sunnmøre, men også frå andre deler av sør Norge. I starten var det berre ein leir for året, og den var felles for både junior og ungdom. Seinare vart det delt i juniorleir og ungdomsleir om sommaren. Av lærarar må vi nemne Liv Ranlo. Av leiarar stod lenge Arthur og Solveig Andås sentralt. I 1964 kom fyrste påskeleiren for ungdom. Frå 1965 fekk

vi juniorleir om sommaren og ungdomsleir i påska slik det er i dag. Desse leirane har hatt stor betydning for den åndelege utviklinga i den yngre garde. Det vart etter kvart også eigne ungdomssamlingar i heimane og i lokalet. Dette arbeidet har bore rike frukter og stadig fornya flokken i forsamlinga «Betel». Ofte har det vore same personane som har arbeidd både i søndagsskulen og i ungdoms- og leirarbeidet. Gunnar Andås var lenge ungdomsleiar. I 1993 er det Kjell Gjertsen.

SONG OG MUSIKK

Det har alltid vore mykje song og musikk i flokken. Gitar, fele, fløyte, orgel, piano, cello, sag, harpeleik, triangel, saksofon, kornett, trekkspel, citer og mandolin har leia felles- og solosongen. Ein fekk etter kvart mannskor, blandakor, duettar og barnekor. Ei tid var det enda til hornmusikk mellom juniorane. Den vart leia av Ragnvald Andås. Mange forkynnarar var flinke til å synge og spele. Den fyrste som er nemnd særleg var Gitta Magnussen, gift med lærar Grytten i Ørsta. Ho vann mange for Gud med songen sin frå midten av 1890-åra. Oskar Karlsen var flink på fele, likeins Olav Frodesen. Frå seinare tid kan vi hugse Albert Robinson med fela si. Av dei som til hørde flokken, spela Sigvald Høybakk. Laura og Gustav Nyseter kom i 1921 med «Negro Spirituals» for fyrste gong. Mathias Støve spela både gitar, cello og sag. Hans Halkjelsvik kjøpte orgel til «Betel» om lag i 1915. Han var sjølv organist. Nokre år seinare starta han brødrekor i «Betel». På gitarane spela m.a. systrene Heltne, Johanne, Karolina og Gjertrud. Like eins Sivert Langvatn, Nutta Nes, Sigfrid Lillebø og Molla Høydal. Seinare kom Solveig Andås, Annlaug Hjorthaug, Alfhild, Kjellrun og Olav Dahl, Kjellaug Nupen, Jorunn Gjertsen og Gunnar Andås. På fløyte Johannes Berg Rusten, Ragnvald Engeset og Ragnvald Andås. Ola Berg og Knut Eiken spela mandolin. Alfred Kvernebakk spela harpeleik. I 1934 vart orgelet selt og bytta ut med piano. Emmy Nes og Rakel Nilsen har vore dei flittigaste på pianokrakken. Etter 1932 fekk

ein eit songkor leia av Elias Rusten. Han kom frå Høydalen på kvar øving. Sidan har musikklaget hatt ein fast plass i forsamlinga. Leiar i 1993 er Jorunn Gjertsen. «Levande Lys» er ei song og musikkgruppe samansett av dei unge i forsamlinga. For utan song er der gitar, bass, saksofon og piano.

SØSTERRINGEN (1927-1993)

Cesilie Lillebø (1864-1960) besøkte sonen sin på austlandet. Der hadde dei søsterring. Då ho kom heim til Volda, starta ho opp med søsterring på «Betel». Frå 1927 og til i dag er det samla inn mange hundre tusen kroner. Fyrste kasseraren var Molla Høydal. Dei hadde faste personar og saker som dei støtta, m.a. arbeidet i Finnmark og misjonærar i andre land. Dei kunne kjøpe ting til forsamlingshuset osv. Dei kom saman og leste brev frå dei som vart støtta eller frå ei misjonsbok. Dei song og delte Guds ord saman. Likeeins hadde dei forbøn for Guds rike. I kvar samling gav dei også av midlane sine til Guds sak. I 1993 er Anna Kvernebakk kasserar.

VEKKING

Gud har sendt mange vekkingar over Volda, Ørsta og bygdene omkring. I Austefjorden hadde dei gamle eit ordtak: «*Det kjem vekking kvart sjuande år*». Vi har nemnt at 50 personar i 1925 kom til bevisst liv i Gud. I 1931 var det 20 års jubileum for huset «Betel». Dei det var noko på ferde i Andens verd. Alfred Kvernebakk sa nesten profetisk då dei ordna til festen: «I kveld blir det fullt hus». Dei andre var heller tvilande til det, for dei hadde ikkje vore plaga med for mykje folk på ei stund. Då festen starta, sat det folk over alt. Den vinteren, 1931-1932, kom over 40 personar til liv i Gud på «Betel». Dei som Gud fekk bruke, var to unge gutar. Den eine heitte Paulus Johannesen. Han spela cello og song. Han hadde arbeid

og måtte difor reise etter ei tid. Trygve Gjørund vart derimot eit heilt år i Volda. Han fekk hjelpe mange. Ein varm song til gitarspel og ein kort, men direkte appell nådde inn til hjarta. Om dagane var han rundt og snakka med folk og styrkja dei i trua. Den som skulle vere hovudtalar var Johannes Hedin. Det var han som i si tid tok med seg Støve ut med evangeliet. Vi veit ikkje om han såg inn i framtida då han i Bergen gjekk og spurde Gjørund om han ville vere med til Volda. Vi får nok svare på det når vi kjem til himmelen. Korleis det enn var, så vart Hedin sjuk i halsen og kunne ikkje delta som talar i vekkinga. Seinare har det veksla frå tid til tid, men det har jamt kome nokon med i alle desse åra. Også i andre kantar av verda er det menn og kvinner som har kome til bevist Gudsliv på grunn av flokken på «Betel». Mange av Betelflokken har nemleg reist ut med evangeliet både i Noreg, men også til framande land.

I seksti- og sytti åra kom ein del med m.a. i teltmøta til Egil Solheim og Arne Gundersen. Den sikraste rekrutteringa til menigheita dei siste 30 åra har likevel kome gjennom ungdoms- og leirarbeidet, samt den personlege, nære kontakten utanom dei tradisjonelle møta.

LÆKINGVEKkingA I 1940 OG -50 ÅRA

I heile hundreårsperioden er det mange forteljingar om læking frå det frie kristenlivet i Volda bygdene. I nokre tider har det likevel vore meir vanleg enn elles. Rundt 1950 var det ei slik tid. Tore Fremmerlid, som reiste til Amerika, kom der i kontakt med William Branham som bad for sjuke. Fremmerlid arbeidde for å få han til Noreg. Støve hadde tidleg oversett stykke om og av Branham i «Det Gode Bodskap» og mange kristne i Volda bad om at Guds kraft til læking måtte virke rikeleg også her. Fremmerlid, som kom til liv i Gud på «Betel», var også med då «Eben Eser» vart bygt. Han var uroleg for det han hadde gjort. Då han kom til Volda, gjekk han difor rundt og bad om tilgjeving hos det gamle frie som enda

levde. Den åndelege heimen hans var likevel hos pinsevenene. No vart det ei usemje i nokre lærespørsmål, og pinsevenene i Noreg stengde difor talarstolane sine for Fremmerlid. Han kom då til «Betel» og fekk virke der. Støve skreiv offentleg etter å ha høyrte Fremmerlid:

Det er mange som takkar Gud for Fremmerlid og som vitnar om at han har vore til velsigning for dei. Fleire hadde blitt løyste ved hans frigjerande forkynning og hadde fått nytt mot. Hans forkynning flaut saman med den gamle frie linje, difor har han ei opa dør iblant oss, og vi merkar ikkje noko til den galne lære som andre trudde han førte.

No kom Branham til Noreg, men han fekk ikkje tale da han vart stoppa av styresmaktene ved hjelp av kvakksalvarlova. Støve og Fremmerlid var i Oslo og trefte han på hotellet. Dei hadde nokre sjuke med seg, og dei fekk oppleve læking. I den atmosfæren av tru, som var i Volda og Noreg, greip Gud tak i nye vitne som han brukte m.a. Håkon Driveklepp (1921). Han var ei tid ein mektig reiskap i Guds hand. Mange vart friske i møta. Det var fellesmøte i dei forskjellige husa i Volda. Dette gleda Støve, for han brann for Guds sak. Ein annan Gud brukte i Volda på den tida var Steinar Drage frå Stadtlandet. Det skjedde mange lækingar. Drage virka på «Eben Eser» i eit halvt år. Gustav Strømme (1888-1966) vart sjølv lækja frå ein dødeleg sjukdom og virka i over 40 år i sjelesorg og forbøn for sjuke. Mange fekk hjelp gjennom virket hans og er den dag i dag friske mellom oss.

LANDSMØTE I VOLDA: FOR DEI FRIE EVANGELISKE FORSAMLINGAR I NOREG

Forsamlinga «Betel» i Volda har fire gongar fått tildelt å arrangere landsmøte for kyrkjesamfunnet dei Frie Evangeliske Forsamlingar i Noreg. Det var følgjande årstal:

17-21 august 1955 i Volda bedehus «Zion».

7-11 august 1963 i Volda samfunnshus.

24-28 juli 1974 i Øyra Ungdomsskule Volda.

14-18 juli 1982 i Idrettsbygget til Volda lærarskule.

LEIINGA I FORSAMLINGA FRÅ 1925-1993

På vegen frå ein fri veneflokk til eit organisert kyrkjesamfunn har det skjedd små steg heile tida. Pionergenerasjonen døydde ut i 1930-1940 åra. I gravferda etter pioner Jakob K. Dalberg Heltne i 1950, kjem Elias H. Rusten med følgjande kommentar om trua til dei gamle:

Tenkjer ein på han (Jakob) og hans samtid, så var det noko ved dei som eg saknar no. Når dei kom heim til far (før 1910) var det ikkje politikk dei snakka om. Dei samtala og leste i bibelen både seint og tidleg. etterfylg deira tru. Det er så mykje som vil få oss til å forlate trueslinja. Dei gamle hadde ei fastare haldning enn vi yngre i seinare år. Vi må sjå til at vi ikkje fell frå nåden, men blir styrkja ved den.

Rusten seier her at det skjedde ei forandring som dei ikkje fekk stoppa sjølv om dei ynskte det. Vi har nemnt eldstebrødrane som vart valde før 1900 og i 1922. No valde dei minst to

nye. I Dalsbygda vart Mathias Hjelle (1895-1974) vald og i Volda Kristian L. Høydal. Høydal vart også valt til leiande eldste. Det er i praksis det som i bibelen vert kalla forstandar. Han blir riven bort i ei tragisk arbeidsulykke i 1944. Tenesta hans som menigheit leiar og leiar i søndagsskulen gav rike frukter. I 1946 vart fire nye eldstebrør valde på «Betel». Alle bur i Volda sentrum. Alfred Kvernebakk, Johannes Nes (1904-1990), Sivert M. Langvatn (1885-1977), og Sigvald Høibakke (1901-1975). Den sistnemnde vart vald som leiande eldste eller forstandar. Han reiste i 1954 til Canada. Vi har tidlegare skrivne om misjonær Mathias Støve som kom frå Afrika 1918. Sjølv kalla han seg misjonær til han i 1948 vart redaktør. Han reiste sidan i Noreg, men mest vart «Betel» og bygdene rundt Volda talarstolen hans. Han var ikkje vald som eldstebror i Volda, men tente i menigheita med evangelist og lærargåva si. Frå 1954 til han døydde i 1969, virka han som forstandar i tale og lære. I 1960 flytta Roald Nilsen (1922- 1965) med familie til Volda. Han virka som evangelist til han døydde av kreft i 1965. Han var då berre 42 år. Planen til Støve var at Nilsen skulle ta over ei tilsvarande stilling som han sjølv hadde i menigheita, dvs. som ein forstandar med størst vekt på forkynninga. Dei to var i ei løna teneste i forsamlinga. Regelen på den tida var at dei som forkynte Guds ord skulle få kollekten søndags formiddag. Noko fast og sikker løn fekk dei ikkje. I 1975 vart leiinga utvida med to nye eldstebrør, Arthur Andås (1929) og Hans Rusten (1917). Rusten vart også vald til leiande eldste eller forstandar. Han vart i tenesta til 1991. I 1982 vart Kjell Ohldieck (1958) kalla til forstandar i «Betel» med fast lønnsforhold og med særleg ansvar til å byggje opp forsamlinga gjennom forkynning. Han budde då alt fast i Volda og hadde virka i heile landet med evangelistgåva si. Han vart i stillinga til 1986. I 1987 vart Kjell Gjertsen (1953) vald til eldste og stod i stillinga til 1991. I 1991 inngjekk «Betel» eit samarbeid med dei Frie Evangeliske Forsamlingar sitt Heimeutvalg. I følgje ein avtale, lovar heimeutvalet å gi både økonomisk og praktisk hjelp i ein overgangsperiode. Forsamlinga skal i samarbeidsperioden styrast av eit «Menigheitsråd» der eldste og forstandar inngår. Heimeutvalet skal

også ha ein representant. Forsamlinga er frå same stund også pålagd å søkje om statsstønad etter lov om trussamfunn for dei i forsamlinga som ynskjer det. Denne ordninga er frivillig, då den for mange er ei samvitssak. Så langt vi kjenner til er dette fyrste gongen i vår historie at dei frie i Volda har søkt om støtte frå det offentlige. I 1993 vart Kjell Arve Tolås (1949) ny løna forstandar i menigheita. Han har då særleg ansvar for forkynning av Guds ord. I menigheita sitt råd sit i jubileumsåret forstandar Kjell Arve Tolås, eldste Arthur Andås, Hans Rusten, Kjell Gjertsen, Kjellaug Nupen, Bjørg Klokk, John Rusten, Lilly Engeset og Gunnar Andås. For Skodje møter Haldor Åsebø. Olav Dahl møter for heimeutvalet når han er i Volda. Tore Svensen er kasserar.

MISJONÆRAR FRÅ DEI FRIE KRISTNE I VOLDA

Jesu eigne ord: «*Gå ut i all verda og forkynn evangeliet for all skapningen*» er blitt tatt på alvor gjennom alle desse åra. Før 1890 virka dei gjennom Ytremisjonen, og Volda var den staden på heile Sunnmøre der dei samla inn mest pengar. Då kyrkja og prestane sette stopper for den åndelege fornyinga i kristen flokken, fann dei frie kristne snart nye vegar. Misjon mellom Kinas mange millionar stod i sentrum. Men det stoppa ikkje der. Fram til 1993 er land etter land nådd med evangeliet. Vi skal her fortelje kort om dei av oss som drog ut. Dei for bort frå familie og tryggleik og la liva sine i Guds hand, der dei levde mellom framande folk.

MARTHA OG MATHIAS STØVE I AFRIKA 1912-1918

Martha var fødd i Bjørdalen i Ørsta 26. september 1891. Foreldra hennar var Johanne og Lars Bjørdal. Som ungdom kom Martha i teneste på Bøen på Rotset i Volda. Ho var då ikkje frelst. I Bjørdalen var det lite kristne møte, men ho visste at det var meir av den slags nede i

Ørsta. I 1907 kom så vekkinga på bedehuset i Volda ved Sigvard Engeset og Johannes G. Jensen. Av dei mange som då kom til liv i Gud var også Martha. Ho hadde på denne tida vorte kjend med ein ung skreddarlærling i Volda som heitte Mathias O. Støve. Etter vekkinga kom dei to i 1908 saman til husmøte hos Jakob Heltne. Der i huset var fleire døtrer på Marthas alder. I 1909 fall den heilage ande i desse småmøta, og mange vart merka for livet. Martha vart seinare døypt i Høydalen av Oskar Karlsen. Det skjedde 28.10.1911. Ein av dei andre som Gud rørte ved var Mathias O. Støve. Han var fødde 21 juni 1889 og var son av Eli og Ole Støve. Han gjekk framhaldsskulen før han kom i skreddarlære hos Severin O. Jensen i Volda. Han vart frelst etter eit møte i heimbygda ved Mathias Orheim. I dette møtet sa Orheim: «Eg er snart blind no , men om eg skal bli heilt blind, så er eg sikker på at den fyrste eg skal få sjå i himmelen skal vere Jesus». «Kan du seie det?» lydde det i Mathias sitt hjarte. Svaret var «Nei». Det gjekk til hjartet på Mathias og med gråten i halsen sprang han heim. Der var det ei ny stue som enda stod tom. Der fekk han kaste alt på Herren. Kallet til misjonsmarka fekk han på eit møte i Volda kyrkje. Under møtet stod det ein misjonær på preikestolen. Mathias hørde då i sitt indre ei stemme som sa: «Ein slik skal du bli». Nokre år gjekk, og kallet låg i djupet. Omsider vart det kamp. No var læretida slutt og han skulle starte for seg sjølv som skreddar. Men ville Gud noko anna? Skulle han reise ut i tru til Gud utan nokon garanti bak? Støve vart døypt i vatn av Erik Andersen (Norquelle). Hausten 1909 tok Mathias ut i tru saman med Johannes Hedin. Han fekk nokre rike år rundt om i heile Norden. Mange stader vart det vekking, m.a. i Bodø 1911-12. Martha gjekk i Volda og venta, for dei hadde planar om bryllaup. Men kunne ein stifte familie når ein ikkje hadde sikker inntekt? Gud hadde Mathias det han trengde når han var aleine, men kva om dei gifta seg og fekk born? Saman med alle desse spørsmåla kom i juni 1912 også kallet til misjonsmarka. Anton Berntsen Stokset (1885-1917) frå Gjerdsvika i Gurskøy hadde frå 1905 arbeidd i 6 år som misjonær mellom Kavirondostamen i Britisk aust Afrika. Det var på syd sida av Victoria-Nyanzasjøen, og han hadde bygt 2 misjons-

stasjonar der. Han var pioner i det distriktet og hadde saman med ein annan misjonær oversett dei fire evangelia til stammespråket. Det vart ein stor hunger etter Guds ord og 6000 kunne møte fram til søndagsmøta. Stokset og medarbeidaren hans E. A. Danielsen frå Finland kom i 1912 til Norge for å finne nye misjonærar og samtidig samle støtte til arbeidet. Mange melde seg til teneste, men til slutt var det 6 stykke igjen. Mellom dei var Martha og Mathias Støve. 16. august 1912 vart dei vigde på Byfogdkontoret i Ålesund. Vitne var Johannes Hedin og Elina Eriksen, født Leite. Det heile kosta kr. 5. Etter vigsla heldt Nils Devold og venane hans fest for dei. Den 18 august er det avskjedsfest på «Betel», og for fyrste gong skal nokon frå veneflokken i Volda og Ørsta ut til heidningane med evangeliet. Det vart samla inn pengar til arbeidet, og kasseraren deira i Volda var Peder P. E. Hjelle. Den 10. september drog båten frå Noreg med kurs for Afrika. Det skulle gå mange år før dei atter sette foten på Norsk jord. Det skjedde hausten 1918, og dei kom heim til Volda til jul. I Afrika vart dei møtte av anna klima, skikkar og språk. Sjukdom og nød kom dei også heilt inn på livet. Dei arbeidde i fleire stammer som Nandi, Kamasia og Elgeyo. Det meste av tida arbeidde dei under Africa Inland Mission. Der var engelske, amerikanske, irske, danske, finnar og norske. Mange av desse vart vener for livet. Nokre vart liggjande igjen i Afrikas jord. Mellom dei var m.a. Stokset som døde 8-11-1917 og Julius Mikalsen (1888-1913) som døde 10. mars 1913. Ansvarlege for Kavirondomisjonen i Noreg var Byggmeister O. Olsen Kristiania (formann), J.H.Kr. Gear Yongsgaden 11 Kristiania (kasserer) og Nils Devold, Ålesund (skrivar). Det skulle mykje pengar til å halde så mange i tenesta. Devold gav ut eit blad for å styrke innsamlinga. Det heitte "Basunen." Olav Frodesen hadde særleg kall til å virke for saka i Noreg. Økonomisk støtte kom frå heile Skandinavia. 5-3 1913 kan vi lese at det var utsendt til Støve kr. 1100 + portotillegg kr 13,75, i alt kr 1113,75. Då Støve kom til Volda i 1918, fekk dei bu på Skjerva hos Hans S. Halkjelsvik. Seinare leigde dei hus hos både Peder E. P. Hjelle og Ragnvald Engeset. I 1933 bygde dei eige hus i Volda. Tilbake i Volda starta ein ny arbeidsdag. Mathias reiste med

evangeliet heilt til sin død. Han vart vald inn i fyrste misjonsutvalet i 1929 og fekk mange tillitsoppgåver mellom dei frie. Han var ein flittig skribent i aviser og blad. Han dikta også mange songar. Nokre av desse er i bruk den dag i dag. Han skreiv dessutan fleire bøker: Den Forlorne Søn (1920), Utenfor leiren, En reise i Afrikas indre (1926), Vaak (1929), Drømmemesteren (1930), E. A. Nordquelle (1936). I tillegg til desse ligg det også eit uttrykt manus om livet til menneske og dyr i Afrika. I 1948 tok han til som redaktør for «Det Gode Bodskap», ein jobb han hadde til 1964. Frå 1949 til 1964 var han også redaktør for «Barnerøsten». Gjennom desse blada fekk han utløp for skrivetrongen sin. Vi skal hugse at han berre hadde framhaldsskule. Ein bror som var utdanna prest i Amerika, ville også hjelpe Mathias til presteutdanning. Støve svara då at han gjekk i skule med Den Heilage ande og fekk ikkje betre læremeister. Mathias vart ein gong spurd om skilnaden på eldste og forstandar. Han svara då: Det er alminneleg at det vert valt ein eller fleire mellom dei eldste som særleg vart gitt å styre i menigheita. Dei skulle ha ansvaret for eller lede det praktiske og åndelege arbeidet i menigheita. Desse blir kalla forstandarar. Dersom det var ei stor menighet, kunne ein også velje ein ordets forkynnar til forstandar. Sjølv kalla han seg misjonær til han vart redaktør. Han var med og valde både Kristian Høydal og Sigvald Høibakk til forstandarar medan han sjølv var i menigheita. Sjølv om han aldri var vald, virka han likevel frå 1954 til sin død 20-3 1969 som forstandar i «Betel». Martha døde 14-2 1990. Dei fekk 7 born: Ester, Emmy og Oren. Desse var fødde i Afrika. Seinare fekk dei borna Judith, Louis, Maren og Edit.

LILLY MARIE ENGESET I SWAZILAND SØR AFRIKA 1958-1972

Den neste misjonæren frå flokken reiste også til Afrika. Det var Lilly Engeset, fødd i Volda 10 juli 1924. Foreldra hennar, Synnøve og Ragnvald Engeset var begge ein del av det frie kristenlivet. Synnøve, som var dotter til indremisjonsdiakonen Knut O. Kile, hadde gått på

privatskulen til Hjelle. Ragnvald kom med mellom dei frie i 1911. Han var kasserar og søndagsskulestyrar på «Betel» i mange år. Då Lilly voks opp, var misjonsarbeidet difor ikkje noko framandt. Ho gjekk på søndagsskulen og møta på «Betel». Som alle andre, måtte ho likevel ta eit personleg val. Det skjedde på «Betel» 14 mars 1939. Den som fekk leie henne til Gud var tanta hennar Ragna Kile. Ei tid var det ein kamp for å få frelses visse, men i 1941 kom ho med sitt fyrste offentlege vitnemål på Mork ungdomshus. Det var på den tida vekking der. I mars 1942 vart ho døypt på «Betel» av Støve. Etter realskule og kurs i barnepleie tok ho jordmorskulen. Ho vart så med i barn og ungdomsarbeidet. Som ung lengta ho etter å kome vidare i kristenlivet. M. K. Kleppe var no ei tid i Volda. Seinare kom Daniel Nilsen og Alf Kasborg. Forkynninga vart då meir levande. Albert Robinson hadde også ein frigjerande bodskap. 1948 starta ho foreining mellom dei store jentene med innsamling til Swaziland. Det varte då ikkje lenge før Lilly fekk misjonskall, og ho las då mykje om Kongo. I 1952 gjorde ho kjent kall til Kongo for Misjonsutvalet. Ho gjekk då på jordmorskulen, der ho var ferdig 1-11 1953. I tida som følgde var det inga opning til Kongo. I 1957 vart det så ordna slik at Lilly og Ruth Kaupang kom seg til England. Dei skulle gå på språkskule hos Africa Inland Mission, og det var også ein løynleg tanke om at dei kanskje kunne reise ut mellom dei. Slik vart det likevel ikkje. I 1958 fekk dei tilbod om å reise til Swaziland, og den 23-10 1958 reiste Lilly med båt til Afrika. Ho budde på misjonsstasjonen Edwaleni, der ho arbeidde ho på ein barneheim saman med Borgny Viblemo. Frå 1963 virka ho også som jordmor. Forholda var ofte primitive, men fødselar var det nok av. Etter kvart som ho lærde språket, kunne ho også ta meir del i forkynning og anna evangeliserande arbeid. Mykje kunne gå på engelsk, men skulle ein nå dei eldre, måtte ein kunne stammespråket. Der var mykje fattigdom og sosial naud. Venane i Volda stod bak og hjelpte med pengar og innsamling av klede. Søsterringen var spesielt aktiv og støtta med bøn og økonomiske midlar. Regina Rusten var kasserar for Lilly. Arbeidet tok midlertidig på helsa, og Lilly måtte slutta i tenesta ute i 1972. Kontakten med Swaziland er likevel ikkje

broten av den grunn. Ho har vore på besøk i Swaziland og også tatt i mot besøk frå Swaziland. Her i Volda arbeidde Lilly som jordmor til ho gjekk av for aldersgrensa. No er det difor «Betel» som har glede av virket hennar. Lilly er ein trufast medlem i menigheitsrådet, ho er aktiv i møta, søsterringen, andaktane på sjuke- og aldersheimen, med vask og stell for predikantane på «Betel» hybelen m.m. Når ein treng nokon å snakke med, er Lilly også mellom dei som alltid har noko å gi.

ELBJØRG OG PER HÅSKJOLD GRØNLAND 1965-1990

Per var fødd i Volda i 1931. Foreldra hans var Emerense og Paul Håskjold. Per har sterke røter i den frie bevegelsen. I 1955 var det landsmøte i Volda. Indremisjonens bedehus «Zion» var møtestad, og i eit av møta bøygde Per seg. Det vert fortalt at då Johannes Ytrestøyl, Håskjoldbygdas «bønemann» hørde det, braut han ut i gråt. Johannes stod ute i gangen og fekk ikkje plass i møtet, men Gud høyrer bøn. Per hadde også ei mor som bad. Det var noko stødig ved Per. Den som opplevde han som leirsjef i Austefjorden gløymer ikkje det så lett, heller ikkje ungdomen i bygda som ville lage bråk for leirdeltakarane. I neven til Per vart det stille. No venta det han større og hardare oppgåver. Kallet til Grønland vart for sterkt. Elbjørg Garvik (1931) frå Eggesbønes, kone og medarbeidar til Per gjennom alle desse åra, var med og gjorde det mogleg. Det fall mykje arbeide på den som skulle vere husmor, mor, kone og ein redningsplanke for eit folk i naud. Det grønlandske folket sat fast i kløfta mellom den gamle verda og eit moderne samfunn. Dei var difor rotlause. I eit hardt åndeleg klima er sãmansarbeid og bøn einaste moglege i ein lang prosess. Dei ropa til Gud om ei mektig ånds vekking frå himmelen. Fyrste var dei på Fredrikshåp, seinare på Sukkertoppen. Borna deira, Iren, Anita, Liv, Rode, Otto og Naja voks opp i dette. I dag bur Elbjørg og Per på Eggesbønes og er opne for at Gud har meir til

gode for dei. I Volda er det ei oppmuntring og ein velsigning når dei kjem og er med i møta. Kasserar var lenge Andreas Olsen i Spjelkavik, deretter Lars Ølberg på Jæren.

REIDUN OG ÅGE HÅSKJOLD ARGENTINA 1968-1978

Åge var fødd i 1935 og er broren til Per. Han gjekk på søndagsskulen på «Betel» til han var 14 år. Læraren, Ragnvald Engeset, tok ungdomane med på ein tur til Ovenleiren. Åge vart der døypt av John. W. Sørensen i 1950. Seinare drog Åge til sjøs, og Jesus kom på avstand. Men korkje mora eller Jesus hadde gitt opp Åge. I 1961 lovde han mora si å Åge reise inn på sommarleiren i Austefjorden. Der tala Daniel Dahl. Åge kom då til seg sjølv og fekk på nytt leggje livet sitt i Guds hand. No bad han Jesus ta over roret. I 1963 reiste Åge ut med evangeliet og fekk sjå at Gud virka med. I Volda hadde han møte saman med Frank Søgaard og fleire søkte frelse. På Lauvstad var det 12 unge som søkte frelse. Åge heldt fram med å reise, men han hadde eit misjonskall langt inne. Han vart gift med Reidun Handeland (1943) som også hadde eit kall. Etter ei rik teneste i Noreg, legg dei i 1968 ferda mot Argentina. Der ute er m.a. Tordis og Daniel Dahl. Arbeidet i Tucuman bar rike frukter. I 1978 må dei likevel reise heim for godt då helsa til Reidun svikta. Borna deira heiter Liv Anne og Miriam. Kasserar i Noreg var Alf Abrahamsen frå Sætre i Hurum.

EDITH OG HANS REITE JAPAN 1979-

Hans var fødd 27-8 1954 i Volda. Foreldra hans var Agnes og Einar Reite. Mor til Hans låg lenge sjuk og døde tidleg. Ho hadde eit naudrop i hjartet sitt. Ho bad for mannen og borna, men sa ofte: «*det er han Hans som ligg på hjartet*». Bønene vart høyrde. Våren 1972 vart Hans frelst og byrja å gå på «Betel». Same året vart han døypt av Hans Rusten. Hans vart aktiv både i møta og elles der han vitna frimodig om det han hadde opplevd. Etter at han var

ferdig med gymnas, drog han til Tønsberg og tok eit kurs på «Smyrna Bibelinstitutt». Der møtte han Edith (1950). Dei gifte seg i 1975. I mai 1977 reiser dei til Japan og arbeider fyrst i «Nytt Livs Lys» misjonstrykkeri. Samtidig starta også opplæringa i det vanskelege språket. Begge følte at arbeidde i trykkjeriet berre var eit steg på vegen. Evangelisere og menighetbygging er det rike arbeidet dei no står i. Ved Guds nåde har dei fått sjå at Gud frelser også i Japan. I 1992 vart dei kalla til forstandarpar ved ei ny menighet tilknytt trykkjeriet. Dei er no ute i si sjette periode. Borna deira heiter Anita, Kjellfrid og Einar. Dei gir ut nyheitsbrevet «Japan for Kristus» som vert sendt til alle som støttar i forbøn og med midlar. Kasseraren i Noreg heiter Arild S. Arntzen, Munkerekkeve 90, 3142 Vestskogen. Adressa til Edith og Hans er: 2-14-9 Nishibori, Niiza Shi, Saitama Ken, 352 Japan.

ADA OG HARALD ELVEGÅRD JAPAN 1981-.....

Harald er født i Volda 5-4 1947 og voks opp på Lauvstad. Foreldra hans er Jorunn og Ole Elvegård . «Betel» var ein del av oppveksten, likeins leirane i Austefjorden. Han voks opp i ei tid då mange unge i bygdene rundt Volda kom til eit bevisst liv i Gud. Han vart gift med Ada Glittenberg (1945), og dei busette seg på Mosterhamn. Vi kan nemne at Harald er svoger til Kjell Arve Tolås. Etter ei aktiv tid i forsamlinga på Mosterhamn, får dei kall til Japan og reiser dit i 1981. Dei arbeider der ved trykkjeriet til «Bibelmisjonen Nytt Livs Lys». Dette er ikkje eit løna arbeid, så alle misjonærane har medarbeidarar i Noreg som stimulerer til forbøn og tar imot økonomisk støtte til underhaldet. «*Ha tru til Gud*» må vere ein misjonærs motto. Ada og Harald har borna Jens Ole, Ruth Jorunn og Anne Britt. Adressa deira i Japan er New Life League, 1-9-34 Ishigami, Niiza Shi Saitama Ken, 352 Japan. Kasseraren deira i Noreg er Mary Landmark, 5440 Mosterhamn.

BETTY OG GUNNAR ANDÅS HONG KONG 1983-1988

Gunnar er fødd 21-6-1953. Han kom rett inn i det frie kristenlivet i Volda. Foreldra Solveig og Arthur var begge aktive i «Betel». Slik vart søndagsskule, møte og Austefjordleirane ein del av livet. I 1963 gav Gunnar livet sitt til Gud og vart seinare døypt på ein leir i Austefjorden. Misjonen var ein naturleg del av kvardagen. Onkelen Arnfinn (1927) og Hildur (1913) Andaas reiste ut til Japan og Kina i 1951 og 1948. Dei møttest i Japan og vart i 1959 leia til å starte eit misjonstrykkjeri. Då Gunnar var 5 år gammal, reiste tanta Lilly Engeset til Swaziland. I heimen budde både misjonærar og forkynnarar. Gunnar kjende eit kall til Kina, enda landet hadde vore stengt sidan 1948. I 1973-74 arbeidde Gunnar litt over eit år ved N. L. L. trykkjeri i Japan. I 1975 gifte han seg med Betty Erna Samuelsen (1952). Betty voks opp på Kile i Volda. Foreldra hennar er Borghild og Erling Samuelsen. Betty kom med i kristenlivet på bedehuset på Straumshamn. I tida ved Volda lærarskule, byrja ho gå på "Be- tel." Etter 6 år med arbeid og virke i Nordfjord flytta familien i 1982 tilbake til Volda og bygde eige hus. Familien tel no 4 familiemedlemer, borna heiter Borghild og Solveig. I 1983 reiste familien til Hong Kong for å arbeide som misjonærar i Nytt Livs Lys. Hovudoppgåva var å få Biblar inn i kommunist Kina. Landet er stengt for misjonærar, men turistar kan ta med biblar i bagasjen om dei ikkje blir oppdaga i tollene. Klimaet i Hong Kong er ulikt Noreg, og mest gjekk det utover Betty. I 1988 var Gunnar aleine ute ein kort periode, og sidan har familien vore aktivt med i «Betel» Volda. Særleg har dei engasjert seg i barne- og ungdomsarbeidet. Kasserar den tid dei var i Hong Kong var Ole Hovdhaugen. Arbeidet med å få «Biblar til Kina» går framleis. Pengar som vert gitt til misjonen går uavkorta til trykking og sending av biblar inn i Kina. Kasserar no er Elias Nilsen, 6120 Folkestadbygd.

FORKYNNARAR FRÅ DEI FRIE KRISTNE I VOLDA

Skal nokon verte sende ut med evangeliet, må det vere nokon som sender dei ut. Skal dei vere åndeleg liv også i Noreg, må det forkynning til om «*trua skal kome*». Når vi ser på alle dei frå Volda som Gud kalla til å forkynnte ordet her heime, føler vi at det må ha vore ein særleg nåde over Volda.

KNUT A. BIRKEDAL, SØR NOREG 1888-1918

Knut var fødd i Høydalsdalen 17. desember 1847. I 1880 gifta han seg med enka Ingeborg S. Birkedal (1836-1897). Ho hadde 3 born som døydde unge. Knut og Ingeborg fekk ikkje born i lag. Knut ha ingen rett til Moritsgarden etter at kona døde. Namnet «Morits-Knut» heng likevel ved han resten av livet. I 1880 åra var han aktiv i politikken, men han vart tidleg ein varm kristen. Då han vart diakon i Volda Indremisjon, slutta han med politikk, og i 30 år tok sjelesorg og forkynning all tida hans. I 1892 vert han saman med Ole G. Clausen sikta i nattverdsaka, men tiltalen fell bort. Knut hadde opna huset sitt for fri nattverd. Frå 1894 reiser han fritt med evangeliet. I 1895-96 vert han døypt som truande i Bjørkedals vatnet. I 1897 kjem Erik Andersen til Bjørkedalen, og då starta eit venskap som varer livet ut. Erik, som seinare kalla seg Nordquelle, vart buande hos Knut i fleire månader. Dei to virka saman særleg på Sunnmøre. Her blir trua på det frie kristenlivet styrkja hos Erik. Han var her mellom likemenn. Knut var ikkje redd for å sette nokon på plass enten namnet var Andersen, Ulness eller andre. Det var særleg samtale og sjelesorg som var Knut sine sterke sider. I 1898 vert Knut gift med enka Berte Sætre (1856-1944). Dei får ei dotter som vart kalla Anna (1900-1993). Ho fortel at både Mathilde og Erik Nordquelle var fast besøkjande i heimen deira på Sætre i Volda. «*Far var ingen talar, men han reiste rundt og snakka med folk om Gud. Han hadde ei god songstemme og ein kunne høyre stemma på lang avstand*», kan ho fortelje. Knut vart eldstebror i den frie kristen flokken. Sjølv om ikkje ordet vart brukt, var han nok

den fyrste forstandar i flokken utanfor kyrkja. Då Nordquelle flytta til Oslo og bygde seg hus, var det Knut som var byggmeister. I Oslo vart han berre kalla «*Det stend i boki*», for alltid når han vitna, viste han direkte tilbake til bibelen. Gjennom dei mange kampane for retten til tru- og samvitsfridom, fekk nok Knut sår, men han mista aldri trua på Guds ord: «*Får da sonen frigjort eder, da blir I verkeleg fri*». Knut døydde 9-12- 1918.

NIKOLAI I. MOLVIK, VESTLANDET 1870-1894

Molvik var fødd 5-3-1845. Han vart tidleg utdanna til lærar. Han kom til Sætre i Volda som lærar rundt 1870, og frå same tida kom han til eit levande kristenliv. Han virka som "bibelbod" og seinare som forkynnar innan indremisjonen. Då han vart stengd ute frå skulen, kyrkja og indremisjonen i 1893, byrja han å virke fritt. Kyrkja og indremisjonen oppfordra Molvik til å: «*Bevare Åndens enhet i fredens sambånd*». Då sa Molvik : «*Då må der vere ånd*». Siste tida reiste han saman med Knut Birkedal. På ei slik ferd til Kvalsvika, døydde Molvik. Han hadde tidlegare liggje sjuk nokre veker, men etter 14 dagars virke vart han dårlegare og døydde i heimen til Imanuel Kvalsvik på Nerland. Det vert fortalt at det vart gjort inderlege forbøner om læking, og at to personar støtta Molvik mellom seg medan dei bad. Han døydde 7-3-1894.

PEDER E. P. HJELLE, SØR NOREG 1898-1921

Hjelle var fødd i Dalsbygda 14-4-1862. Faren Peder var ein varm kristen og virka saman med Sjur Velsvik, Lars Steinsvik og Nikolai Molvik. Han skreiv ei bok og fleire songar. Evna til å skrive arva sonen Peder. Etter lærarskulen, virka han som lærar til 1896. Då starta han privatskule for borna til dei frie vener. Han starta som forkynnar i 1898 og fekk anbefalingsbrev frå Erik Andersen (Nordquelle). På ein tur som dei to hadde saman til

Hellesylt, møtte dei Ane Birthe Voldsæter. Dei vart seinare gifte. Etter giftemålet, reiste dei rundt heile Sør Noreg med evangeliet. Det skulle likevel verte gjennom det skrivne ordet at Hjelle virka mest. Han skreiv både i «Ildtungen», «Sandhet og Frihet», «Det Gode Bodskap», «Missionæren» og i ulike aviser. Han hadde kontakt med dei fleste frie forkynnarane også i brevveksling, og han var orientert som få. Han var ikkje redd for å gå i rette både med Nordquelle og prestane i Volda. Rett før han døydde, skreiv han eit stykke i Møre som tilsvar til sokneprest Berge. I stykket «*Sektrørsle og den rette vegen*» hevdar han at konklusjonen til Berge om at kyrkjas veg var den rette i 1890 åra, medan «sektene» for feil, ikkje hadde nokon historisk bakgrunn i Volda. Hjelle døydde 22-4-1921.

TORE J. FREMMERLID, NOREG OG AMERIKA 1918-1990

Tore Fremmerlid var ein aktiv evangelist i «Betel» gjennom mange år. Vi har tidlegare nemnt han som forkynnar under «Eben Eser».

GUSTAV STRØMME, SØR NOREG 1925-1966.

Gustav Strømme var fødd 8-6-1888. Foreldra hans var Johanne og Daniel. Han vart frelst 1907 og vart ein bibellesar. Sjukdom tok tak i Gustav og overlegen sa: «Han kan ikkje leve lenger enn 2 til 3 døger». Då Gustav høyrde det, ropa han til Gud. Då høyrde han ei stemme i øyret sitt: «Du skal ikkje døy, men leve og fortelje om mine gjerningar». Den neste som ropte var den ufrelste legen: «Du har fått nye lunger!» Gustav var frisk. I alt 3 gongar vart han utfridd frå dødelege sjukdomar. I 1925 byrja han å reise i tru. Han reiste fritt i alle år. Ofte var han direkte leia av Gud. Gud gjorde store ting, og både håplause kreft- og tuberkulose sjuke vart momentant helbreda. Han vart spurt om han hadde nådegåve til å lækje. Nei, svara Gustav, men vi kan be «troens bønn» saman. Han arbeidde i det stille, og

sjelesorg og forbønn for sjuke og lidande vart kallet hans. Han vart gift med Bergliot Skei frå Mosjøen. Dei stod saman i arbeidet. Dei flytta til Molde, og han gav ut bladet «Ordets Trøst» i over 20 år. Målet hans var å skape ein heim der dei kunne ta i mot sjuke. Den kom, men tida for Gustav var ute. Heimen «Klippeborg» vart overtatt av Alliansemisjonen. Gustav døydde 20-3-1966, nokre veker etter kona hans.

AGNES LØSET, FINNMARK 1946.....

Agnes er fødd på Bjørkedalen 16-10-1913. Foreldra hennar var Petrine og Ola Løset. Ho vart tidleg kalla av Gud, men opplevde det kampfullt. Agnes var likevel heldig som hadde ei bestemor som bad. Vinteren 1934-35 kom så Fredrik Hunnestad og Olav Håvik og hadde møte. Etter ei tid bestemte ho seg, og ho kom med det fyrste vitnemålet. Agnes og mora var i fjøset og klipte sauer. Då sa Agnes brått: «Mor, eg hev valt å lyde Gud meir enn menneske, eg har gitt livet mitt til Jesus». «Ja, det er godt det, Agnes» var svaret ho fekk. Det vart då ei vekking på Bjørkedalen der mange fekk tru seg frelst på grunn av Jesu blod. Seinare vart Agnes døypt på «Betel» av Støve. I 1946 reiste ho til Malvik i Trøndelag, til Norsk og Samisk Bibelmisjons pleieheim. Her møtte ho dei som sidan skulle verte misjonsmarka hennar, finnmarkingane. Dei var tvangsevakuert på grunn av krigen. Ei tid reiste ho rundt og vitna om frelsaren sin, men kallet til Finnmark vart for sterkt. Gud hadde talt til henne om å reise til Dorthea Klem ved Solbrått Gamleheim i Børselv. I 1951 reiste Agnes nordover og vart ynskt varmt velkoma. Ho merka då Guds fred med det ho hadde gjort. I 1957 vart Agnes spurt om ho ville ta over som bestyrarinne. Det svarte ho ja til. Ho lærer seg finsk og samisk slik at ho kan få betre kontakt med dei eldre og også snakke med dei om Jesus. Slik vart Agnes sin livsdag, og framleis bur ho i sitt åttiande år i sitt Finnmark.

SIMON ROALD NILSEN, NOREG 1948-1965

Roald Nilsen virka som fast evangelist i «Betel» frå våren 1960 til han døydde 7-9-1965. Roald vart fødd 18-3-1922 i Skoger. Han vart frelst våren 1945 under eit vekkingmøte ved Ingvald og Arvid Myreng. Det hende i «Salem», Mjøndalen. Han hadde fyrst lest ei bok med tittelen «Ingen Ting». Åtte dagar seinare vart han døypt i vatn. I 1948 reiser han ut med evangeliet. Den 10-7 same året (1948) vart han gift med Rakel Eriksen fødd 7-11-1920 i Drammen. Familien flytta til Volda våren 1960, borna deira heiter Karin og Leif. Roald døydde i sine beste år og vart slik tatt bort frå familien og tenesta. Rakel var menigheita sin kasserar frå 1975-1993. Framleis er ho trufast ved pianoet, møte etter møte.

OLAV DAHL, NOREG 1970

Olav Dahl var fødd 11-1-1946 og voks opp på Folkestad. Foreldra hans er Thea og Trygve Dahl. Thea sin far, Hans Åsebø, var eldstebroer i Betel. Olav fekk tidleg møte forkynninga. Sysken og foreldre var også med, så under ei rik tid med Halvdan Hansen og Egil Solheim vart det Olav sin tur. Det var rett før jul i 1963. Året etter vart Olav døypt av Egil Solheim på ein leir i Austefjorden. Det var fleire som då vart døypte samtidig. Olav arbeidde på den tida som bilmekanikar. Med tida fekk han eit kall til teneste, og i 1966 reiste Olav til Ansgar Bibelskule. I 1970 byrjar Olav å reise med evangeliet. Same året giftar han seg med Liv Agnæss frå Saltnes i Råde. Olav var fleire turar i Finnmark og har truleg besøkt alle dei frie flokkane i Noreg. Olav har vore forstandar i fleire av dei frie forsamlingane. I perioden 1977-1980 var han forstandar i «Betania» Lyngdal, og i 1982-1987 i Misjonshuset Sarpsborg. I 1988-1991 var han fast predikant i «Logen», Moss. Frå 1991 har han no vore forstandar i Kristiansand. I dei andre tidsbolkane har han virka som evangelist. Olav har hatt fleire tillitsverv innan bevegelsen. Han er også heimeutvalet sin kontaktmann i samarbeidet med «Betel», Volda. Liv og Olav har tre born, Jon Olav, Torgeir og Hildegunn.

RAGNVALD ANDÅS, SØR NOREG 1974-1978

Ragnvald var fødd 10-7-1953 og er son til Solveig og Arthur Andås. Han voks opp med møte, søndagsskule, leir og junior. Han vart døypt på ein leir i Austefjorden i 1964. Han var aktiv med i barne- og ungdomsarbeidet på «Betel». Han reiste ei tid som evangelist. Han virka særleg på Sunnmøre, i Nordfjord og Sunnfjord, men var også ei periode i Vestfold og Buskerud. Han vart i 1993 gift med Sølvi Jakobsen, fødd 1-7-1951. Ho er frå Horten. Dei bur no på Jæren.

BJØRN INGE JOHANSEN, NOREG 1977-1985

Bjørn Inge var fødd 17-4-1954. Foreldra hans er Solveig og Ragnar Johansen. Då Hans Reite vart frelst, var det ei rik ungdomsvekking i Volda. Ein som Hans fekk vinne, var Bjørn Inge. Det var i 1973. Han var den fyrste som vart døypt i det nye «Betel». Bjørn Inge var i 1976 gift med Eli Fosse. Ho er fødd 24-9-1952 og kjem frå Arendal. Bjørn Inge virka mest som evangelist på austlandet, men også i Volda distriktet. Dei bur i Arendal.

HELGE JONNY NUPEN NOREG 1988

Helge var fødd 13-4-1967. Foreldra hans er Kjellaug og Asbjørn Nupen. Dei bur på Folkestad. Han har djupe røter i den frie bevegelsen. «Betel» var den åndelege heimen i oppveksten, men under landsmøtet på Karmøy i 1980 fekk han eit åndeleg gjennombrot. I 1982 vart han døypt på «Betel». Helge var ivrig med i søndagsskulen, juniorarbeidet og på leirane. I 1986 var det atter landsmøte på Karmøy. Helge opplevde då kallet til teneste svært sterkt. Etter eit år på bibelskulen «Smyrna» drog Helge ut med evangeliet. Fyrste tida var han saman med Turid Dahl. Seinare har han vore ein del saman med Hans Erik

Løkhammer. Helge gifte seg i 1992 med Ruth Kristensen, fødd 22-5 1969. Dei bur no i Vedavågen og har jenta Wibeche.

KJELL OHLDIECK, NOREG 1978.....

Kjell er fødd 28-6-1958 i Grimstad. Han har vakse opp mellom dei frie. I 1979 gifta han seg med Britt Karin Klokk, fødd 1-9-1956 i Volda. Britt voks opp på «Betel». Dei flytta til Volda i 1980. Frå 1982 til 1986 var dei løna forstandarpar i «Betel». I 1986 flytta dei til Mjøndalen der Kjell virka som forstandar til 1989. Han vart då redaktør i «Det Gode Bodske», eit verv han hadde til 1992. Kjell er no forstandar i Oslo. Han har fleire verv innan bevegelsen. Borna deira er Ingunn, Jan Kåre og Guro.

KJELL ARVE TOLÅS, NOREG 1971

Kjell Arve vart fødd på Stord 18-10-1949. Han har reist med evangeliet sidan 1971. I perioden 1977-1980 var han forstandar i Åseral Byremo og Eiken. Frå 1984-1987 hadde han same verv i Kristiansand. I 1987 tok han til som forstandar i Bergen, der han var heilt til han fekk eit liknande kall frå Mosterhamn i 1991. På Mosterhamn har han så vore til han tok til i Volda 22-8-1993. Kjell Arve gifte seg i 1971 med Ruth Kesia Glittenberg, fødd 13- 8-1943. Dei har borna Jarle, Arnfinn og Håkon.

FRAMTIDA

Ingen kan meistre framtida utan å ha eit avgjort forhold til fortida. Dersom vi kan lære noko av det vi har lese, då er det verdt arbeidet. Det er å vone at vi i vår menneskelege iver skulle sleppe å gjere same feilen gong på gong, men i staden lære oss å lytte til Gud. Han tar aldri feil. Dersom ein ser på kristenlivet i Volda i dag i lys av det vi har skrive, må vi innrømme at vi frie ikkje har kome til målet, men har gått i ein sirkel tilbake til dei tradisjonelle kyrkjesamfunna. Når vi vitjar dei andre forsamlingane i Volda, ser vi at vi har blitt ganske like. Dei ytre rammene kan vere litt forskjellige, men elles er det mykje likt. Fridomen til eit liv i skule hos den Gud som fornyar og forandrar er avgrensa. Kyrkjesamfunna og organisasjonane våre vil ha meir og meir styring også hos dei friare trussamfunna. Vi starta med å fortelje om reformasjonen i Volda for 100 år sidan. Den slo feil. Indremisjonen er framleis under kyrkja sin kontroll. Livet i den religiøse verda ser ut til å gå feil veg. La oss minne om Nikolai Molvik sine ord: «*Skal ein bryte Åndens enhet, då må der vere ånd*». Ordet om at kjøt og blod ikkje skal arve Guds rike, gjeld også i dag. Like eins kravet om å verte fødd på nytt til eit åndeleg liv i tru på Guds Son, Jesus Kristus. Vi held fram med å be om fornying over Volda, slik at vi kan kome inn i sentrum av Guds vilje med våre liv. Det gjeld oss alle, særleg vi som kallar oss dei frie kristne.

RESPEKT OG TAKK

I arbeidet med dette skrivet har vi møtt berre velvilje og hjelp. Ikkje berre hos born og barnebarn, men hos alle. Vi har respekt for dei som bana vegen for oss. Den same respekten har vi møtt både hos einskildpersonar, lag, organisasjonar og institusjonar. Vi har hatt stor glede av skrivne kjelder på MRDH, biblioteka, skriv frå misjonsforeiningar, dagbøker, brev og protokollar. Den munnlege tradisjonen i Volda og Ørsta har gitt liv og bakgrunn for skrivet. Det har ikkje mangla stoff, men plass. Dei skrivne kjeldene som har gitt mest tankar er «Vårløysing» av Oscar Handeland, «Sandstormen» av Kjell Skorgevik, «Jublarane» av Jostein Steinsvik. Likeeins har «Soga om Betel» v/ Gunnar og Ragnvald Andås vorte brukt. Vi takkar alle, både lek og lærd for all støtte. Hans Rusten og Ole Hovdhaugen er ansvarlege for innhaldet. Betty og Gunnar Andås har hjelpt til med utforminga.

KJELDENE TIL SKRIVET

Hans Rusten født 1917 i Volda, er frikyrkjeleg i 3 generasjon. Og har vaks opp med det frie kristenlivet i Volda. Han har personlig kjennskap til det som har hendt. Gjennom 16 år var han leder i Betel. Han har historiske interesser og har referert til blad og aviser frå Betel. Han har lest gjennom manus for og korrigere mulige mistydingar. Han har nedskrive stoff frå perioden på opp fordring og blitt intervjuet av Ole Hovdhaugen.

Ole Hovdhaugen født 1948 i Lom, kjenner det frie kristenlivet i Volda frå 1971. Har ingen bakgrunn frå frikyrkjemiljø, har historiske interesser i folkeminne og slektsforsking. Han har utforma skrivet. Frå 1971 til 1993 har han samla inn munnlege og skriftlige kjelder. Arkivet hans har gitt bakgrunn til skrivet. På opp fordring frå Asbjørn Froholt kommer følgjande liste over kjelder til skrivet.

SKREVNE KILDER

Gunnar og Rangvald Andås: Soga om Betel Volda 1974 18 s.

Hans Dagfinn Reite: Den Frie Evangeliske Forsamling i Volda. Eit attersyn 1974
Handskrevet manus 11 s. + 2 s rettig av H. Rusten

Jostein Steinsvik: Litt om «Jublarane» i Volda frå årh.skiftet til ut mot 1940. Sem.oppg. i
Rel.k.s. M.og R. D.H. Volda 1980 17s

Kjell Skorgevik: Sandstormen Hovedoppgave Oslo 1974

Oscar Handeland: Vårlysning II band Bergen 1934

Ola Gjengedal: Glimt frå kristenlivet. Ørsta indremisjon 1875- 1975. Ørsta 1975. 65 s.

A. S.: Volda indremisjon 100 år 1887-1987. Volda 1987 19 s.

R. Ø.: Volda bedehus «ZION» 1887-1987 Volda 1987 37 s.

Ragnar Ørstavik og Vebjørn Aarflot: Volda Kyrkje 50 år 1932-1982 Volda 1982 70 s.

Hjørdis Kvangarsnes: Volda misjonsforening 140 år Øyralandets Kvinneforening 125 år
Volda 1987.

Einar Rasmussen: Attersyn for Øyralandets Misjonssambands forening 100 år.Volda 1991.10
s.

Ragnar Unhjem: Attersyn v/80 årsjubileet 6 des. 1976 13 s. manus om Ørsta Frikirke. Utlånt
av forstander Kåre Ravnå

Tore Rem: Pinsemenigheten i Ålesund, Gjennom 30 år 1946 35 s.

Svein Ringsby: Ålesund Frie Misjonsmenighet 1986 27 s.

? ? : Frimisjonen i Ålesund 1896-1946 12 s.

Ogmund Ulvedal: Metodistkirken i Ålesund 1888-1938 31 s.

Ingulf Diesen: Det Norske Misjonsforbunds Historie Vettakol. 1971

Ingulf Disen: Veiryddere Oslo 1980

Asbjørn Froholt: Erik Andersen Nordquelle Moss 1981

Kjell Dahlene: " Plymouth Brethren " i norsk kristenliv 1983.

August Wenaas: Livserindringer fra Norge og Amerika Bergen 1935

Peder O. Hjelle: Bønner, Betragninger og Sange (samt hans liv og virke av Peder E. E. Hjelle og Steinar E. Boten) Volden 1888

Statskirken og de troendes forhold til samme. Referat af forhandlingerne paa det kirkelige lægmandsmøde i Ålesund 9-10 november 1893. Ålesund 1893 48 s.

Reiteboka Cronologie eller Tids-Regning hvori blive at indføre, alle mulige tildragelser, hendelser og begivenheder fra 1841. Av Ola J. O. Reite Volda, avskrift biblioteket D. H. Volda

Jakob Straume: Kristenliv på Sunmøre og Romsdal 1950

Steinar E. Boten: Prestane i Volda Handskrevet manus ca 1945

Elias D. Førde: Dagboknedtegnelser, utlånt av Petra Vatne

Arkivkilder

Søre Sunmøre notarialprotokoll 1799-1914

Søre Sunmøre ekstrarettsprotokoll nr. 10 fol.226

Kirkebok for Volda 1890-1922

Menighetsarkiv i Betel Volda

Menighetsarkiv i Ørsta Frikirke

Kildearkivet ved D.H. Volda

Privatarkiv hos Ole Hovdhaugen Koldå 10 6100 Volda

(Brev og nedskrevne opptegnelser med ca. 60-70 personer i Volda og Ørsta)

Blader og aviser

Basunen: ET blad til Vækelse og styrkelse af missionsinteressen for Afrika Ålesund 20 juni 1913

Ildtungen 1897-1900

Sanhet og Frihet 1900-1902

Det Gode Budskap 1904-1993

Søndmøre Folkeblad 1892-94

Ugebladet 1890-95

Møre 1902-1993

Sunmøre 1925

